

Vågå kommune

► Sluttrapport: Stadutviklingsplan for Vågåmo





Norconsult har på oppdrag frå Vågå kommune utarbeidd ein stadutviklingsplan for dei sentrale delane av kommunesenteret Vågåmo. Hensikten med stadutviklingsplanen er å identifisere overordna grep som sikrar at eksisterande stadkvalitetar vert ivaretatt og styrka i samband med framtidige plan- og byggeprosessar. Arbeidet er gjennomført av Norconsult i tett dialog med ei arbeidsgruppe frå Vågå kommune.

Arbeidet starta opp hausten 2021, og har bestått av 4 fasar:

- Fase 1: Registrering og analyse
- Fase 2: Dialog og medverknad
- Fase 3: Konsept- og idéutvikling
- Fase 4: Tilrådde utformingsprinsipp

Til kvar fase har det blitt utarbeidd ein eigen delrapport. Dei fire delrapportane er samla i dette dokumentet.

J03	2023-06-08	For bruk	aalor	LMNas	LMNas
J02	2023-06-01	For bruk	aalor	LMNas	LMNas
D01	2023-04-28	For gjennomsyn hjå kommunen	aalor	LMNas	LMNas
Versjon	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhører Norconsult. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjeres tilgjengelig på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.



Fase 1: Registrering og analyse

Innleiing	1-2
Overordna føringar for arbeidet	1-3
Målpunkt og publikumsfunksjonar	1-4
Offentlege rom og møteplassar	1-5
Historie og identitetsskapande element	1-8
Friluftsliv og rekreasjon	1-10
Mobilitet	1-12
Utbyggingspotensial	1-16
Overordna analyse	1-17
Føringar for vidare arbeid	1-18

Fase 2: Dialog og medverknad

Dialog og medverknad	2-2
Innspeil	2-3
Samandrag	2-5

Fase 3: Konsept- og idéutvikling

Konsept og idéutvikling	3-2
Overordna plangrep og uteromsstruktur	3-4
Konseptval og tilrådde overordna plangrep	3-5
Uteromsstruktur	3-6
Fortetting og utviklingsareal	3-7
Mobilitet	3-5
Grøne og blågrøne strukturar	3-11
Vågå: nasjonalpark-kommune og innfallsport til Jotunheimen	3-12
Vågåmo som arrangementsbygd	3-12

Fase 4: Tilrådde utformingsprinsipp

Innleiing	4-2
Illustrasjonsplan	4-3
Utforming av overordna strukturar	4-4
Grønstruktur	4-4
Vågåvegen	4-5
Delområde 1: Handelsforeningen og Foreningsgarden	4-6
Delområde 2: Halland, kulturtorget og musikkparken	4-9
Delområde 3: Brustugujordet	4-12
Delområde 4: Innfallsporten	4-14
Generelle utformingsprinsipp ved nybygg	4-15



Fase 1: Registrering og analyse

Leveret: mai 2022




Bakgrunn og føremål

Norconsult AS skal på oppdrag frå Vågå kommune utarbeide ein stadutviklingsplan for Vågåmo sentrum . Som ein innleiande del av dette arbeidet, vart det i oktober 2021 gjennomført synfaring . Norconsult har i tillegg gjennomgått relevant bakgrunnsstoff og tidlegare stadanalyser . Dei innleiande registreringane som er gjort, samt føringar dette gir for vidare arbeid, vert kort summert opp i denne rapporten. Denne vil innlemmast som eige kapittel i ein endeleg oppsummerande rapport når arbeidet er avslutta

Dette dokumentet kan supplerast gjennom prosessen, i dialog med oppdragsgivar.

Avgrensing av område for stadutviklingsplanen er markert i kartet.





Til grunn for arbeidet ligg Vågå kommune sin overordna visjon: VÅGÅ – EIT VERDIVAL. Der Vågå skal vere ein inkluderande kommune med Vågåmo som eit levande og attraktivt kommunesentrum.

Mål og satsingar frå samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen som er særleg relevante for arbeidet er kort summert opp under:

Samfunnsdelen til kommuneplanen

Stadutvikling er eitt av fire hovudfokusområde som vert trekt fram i samfunnsdelen til kommuneplanen (2017-2027).


Her er følgjande satsingsområde definert:

- ▶ Vågåmo – meir synleg og attraktiv som besøks- og handelsstad
- ▶ Detaljhandel skal i hovudsak etablerast innanfor indre sentrumssone av Vågåmo
- ▶ Det skal leggjast til rette for auka utnyttingsgrad i bustadareala til minimum 40 % BYA og auka utnyttingsgrad av næringsareal til minimum 50 % BYA i Vågåmo
- ▶ Attraktive bustadtilbod i og nær Vågåmo sentrum
- ▶ Gode møteplassar og grønstruktur for alle i sentrum. Framtidsretta løysingar for veg, trafikk og parkering i Vågåmo
- ▶ Vågå næringspark skal vidareutviklast som næringsområde og industriområde
- ▶ Byggeskikk – identitet og heilskap

Arealdelen til kommuneplanen

I arealdelen til kommuneplanen er det definert ein todelt senterstruktur, der sjølve sentrumskjernen ligg i det som vert kalla «Låg-brun sone». Om denne heiter det:

- ▶ kjerneområde for det historiske sentrum med gammal/særprege bygningsmasse, låge hus og god sirkulasjon mellom bygga.
- ▶ område som er sentralt for å bevare Vågåmo sitt særpreg og attraktivitet.
- ▶ leggjast til rette for varehandel i små konsept som skal styrke det eksisterande sentrum og identitet.
- ▶ viktig at det ikkje blir opna for storformat innanfor dette området



Låg, brun sone er vist med blå stipla line i figuren

Fase 1: Registrering og analyse


Målpunkt og publikumsfunksjonar

Vågåmo sentrum har ein god kombinasjon av publikumsfunksjonar. Her finn ein mellom anna:

- ▶ Offentlege funksjonar som barneskule, ungdomsskule, barnehage, kulturhus, kyrkje, bibliotek, og kommunehus
- ▶ Tenesteytingsfunksjonar som restaurant, kaféar, apotek, frisør, optikar, daglegvarebutikkar og anna detaljhandel, vinmonopol, bokhandlar og hotell/overnatting.
- ▶ Helsefunksjonar som lege, fysioterapeut og sjukeheim.
- ▶ Idretts- og aktivitetstilbod som idrettshall og idrettsbaner, samt eigenorganisert aktivitet og lek ved Moajordet
- ▶ Kontor/arbeidsplassar, både offentlege og private.
- ▶ Galleri

Publikumsfunksjonane ligg godt samlokalisert, i hovudsak langs Vågåvegen og Moavegen, med tydeleg tyngdepunkt vest for elva Finna.


Rett utanfor studieområdet, men framleis innanfor det som kan definerast som sentrumsnært, ligg næringspark/industriområde med plasskrevjande varehandel, bilforretningar og anna næring og industri. Området inngår ikkje i stadutviklingsplanen, og vert berre omtala der det er relevant for andre delar av sentrum.










TEIKNFORKLARING

-  Forretning / tenesteyting
-  Hotell / overnatting
-  Skule
-  Barnehage
-  Helse
-  Omsorgsbustad
-  Kyrkje
-  Galleri
-  Kultur
-  Kontor / arbeidsplass
-  Idrettshall
-  Bensinstasjon
-  Vassverk

Offentlege rom og møteplassar



TEIKNFORKLARING

-  Opparbeidd uterom
-  Utflytande gateløp / uterom dominert av overflateparkering
-  Parkeringsplass
-  Aktive fasadar
-  Opne / delvis opne fasadar
-  Lukka / avisande fasadar
-  Gjerder / stengsel

- 1: Lasaronstolpen / Moavegen nord
- 2: Moajordet
- 3: Vågåvegen - tilrettelagd for opphald
- 4: Skiferplassen
- 5: Fontena ved frivilligsentralen
- 6: Gardsrommet til kommunehuset
- 7: Forplass/parkering ved kulturhuset
- 8: Kommunal parkeringsplass
- 9: Rundt Vågå Handelsforening
- 10: Utflytande delar av Moavegen
- 11: Ved Finnkanten
- 12: Rutebilstasjonen
- 13: Bensinstasjon
- 14: Daglegvare - parkering

Fase 1: Registrering og analyse

Offentlege rom og møteplassar

Vågåmo sentrum har mange attraktive offentlege uterom og møteplassar. Her kan særskilt nemnast:

Veistadhjørnet/Lasaronstolpen ligg der Vågåvegen og Moavegen møtast og er kanskje sjølve tyngdepunktet i sentrum. Det inneheld fleire av dei kvalitetane som kjenneteiknar eit attraktivt offentleg uterom: sentral plassering, attraktiv materialbruk og aktivisert av viktige gangliner for fotgjengarar og publikumsfunksjonar i omliggande bygg. Uteservering gjer også området tilrettelagt for opphald delar av året.

Moajordet: Tilbod knytt til idrett, aktivitet og leik ligg plassert i og rundt Moajordet. Vest for Vågåvegen ligg Villaparken / aktivitetspark og skuleplassane, på andre sida av Vågåvegen ligg idrettshall og idrettsbaner. Dette utgjer ei samling viktige uformelle møteplassar, særleg for barn og unge.

Langs Vågåvegen er det fleire stader tilrettelagt for opphald: Det grøne arealet mellom kommunehuset og vegen er opparbeidd og er møblert med benkar. Ved kyrkja er det også benkar. Både langs fortau og sør for kyrkjegarden. Mellom Vågåvegen 47 (Finnkanten) og 49 (optikar/frisør) er ein mindre steinlagd plass, skilt frå fortauet langs Vågåvegen med ein låg natursteinsmur. Sams for desse areala er at dei er plasserte langs hovudgata, omgitt av publikumsfunksjonar, og tilhøva ligg difor godt til rette både for planlagde og tilfeldige møte.

Skiferplassen / Torget har ei formell og forseggjort utforming, med skulptur, vasselement og sitjeplassar, og høg kvalitet i materialbruken. Plassen vert i liten grad aktivisert av bygga rundt. Dette gjeld fysisk (fleire bakside- / økonomifunksjonar) men også funksjonelt då det manglar tydeleg utadretta publikumsfunksjonar.

Mellom biblioteket/Gamlebanken og frivilligsentralen er det også eit lite, opparbeidd uterom, med benkar og vasselement.

Gardsrommet vest for kommunehuset er attraktivt opparbeidd og tilrettelagd for opphald, med bord og benkar. Dette rommet ligg noko meir tilbaketrekt frå dei mest sentrale gangsambanda. Omslutta av kontorarbeidsplassar på begge sider, er nok dette eit rom som i større grad inviterer til opphald dersom ein har eit ærend i eller arbeider i eitt av dei tilliggjande bygga.

Sentrale **vegar, gater og gangsamband** har generelt ei attraktiv utforming, med natursteinsmurar, grøne rabattar med gatetre og steinlagde parti. Saman med uterom og publikumsfunksjonar bidrar dette til at Vågåmo sentrum opplevast velhaldt og med gode sentrums kvalitetar.



3

1: Lasaronstolpen
3 venstre Vågåvegen sett frå Veistadhjørnet, høgre: Vågåvegen ved Kommunehuset
4: Skiferplassen
6: Mellom frivilligsentralen og Vågå bibliotek / Gamlebanken



3



6



1



4

Fase 1: Registrering og analyse

Offentlege rom og møteplassar

Det også område med tydeleg forbettringspotensial. Ein del gaterom har utflytande og udefinert utforming, og er dominert av overflateparkering. Dette er element som kjenneteiknar areal som er utforma meir for bilar enn menneske, og som difor ikkje opplevast gode å ferdast og opphalde seg i.

Vest for Vågåvegen løyser bygnadsstrukturen seg også meir opp enn langs Vågåvegen og delar av Moavegen, noko som bidrar til å gjere det vanskelegare å lese og orientere seg i omgivingane. Vidare er det ein del uterom som ligg direkte mot viktige publikumsfunksjonar som har eit særleg potensial til å utnyttast betre enn i dag. Dette gjeld særleg:

Kulturhuset ligg noko tilbaketrekt frå Vågåvegen, noko som gjer at det vert ein slags «forplass» mellom hovudinngang og vegen. Denne er asfaltert og vert nytta til overflateparkering. Her er det tydeleg potensial for å nytte arealet betre, slik at både posisjon og funksjon kjem betre til sin rett.

Den kommunale parkeringsplassen aust for Vågåvegen er attraktivt opparbeidd, og er tilført opphaldskvalitetar. Den ligg også godt lokalisert som sentrumsnær parkeringsplass/innfartsparkering for besøkande - tett på fleire viktige målpunkt og funksjonar. Tilknyttinga mot desse funksjonane, som i hovudsak ligg på andre sida av Vågåvegen, er noko svak og utydeleg for fotgjengarar. Parkeringsplassen verkar også noko overdimensjonert, særleg på kvardagar utanfor høysesong, eller utan spesielle arrangement.

Områda rundt Vågå Handelsforening er mot nord og sør i stor grad prega av overflateparkering og økonomifunksjonar. Sjølve bygget kunne med fordel opna seg meir mot omgivingane sine i desse områda. Sørsida er utforma som ei bakside. Saman med høgdeforskjell, gjerder og parkering er det derfor eit tydeleg skilje mellom handelsforeninga og Gamlebanken/biblioteket og frivilligsentralen. Her er det stort potensial for å betre uteromma sin kontakt med dei ulike funksjonane, og synleggjere aktiviteten inne meir ut til omgivingane.

Områda langs Finna som ligg nord/nordvest for brua (vegen Finnkanten og områda ved kiwi-butikken) er også prega av parkering og areal for varelevering, lagring og renovasjon.


Bensinstasjonen ved riksvegen ligg eit stykke frå dei mest sentrale delane av sentrum, men er det første møte med Vågåmo sentrum for dei som kjem køyrande til staden. Sjølv om delar av arealet tett på Vågåvegen er tilrettelagd for opphald, med benkar og bord, er det likevel dei store, grå flatene som dominerer. Som for bensinstasjonar flest, er det effektiv og praktisk tilkomst for køyrande som er viktigaste premiss for utforminga.



10



9



11



8

10: Utflytande veg og parkeringsareal, Moavegen ved biblioteket/Gamlebanken
8: Den kommunale parkeringsplassen på Halland, aust for Vågåvegen

9: Sør for Vågå Handelsforening
(Foto: Vågå kommune, 2023)

11: Finnkanten sett frå den austlege elvebreidda

13: Bensinstasjonen ved riksvegen



13





Fase 1: Registrering og analyse


Historie og identitetsskapande element

Kulturminneverdiar er generelt både godt kartlagd og sikra formelt i Vågå kommune. I arbeidet med stadutviklingsplanen vert det eit noko anna perspektiv på dette tema. Både formelle kulturminne, andre historiske spor og meir uformelle identitetsskaparar har verdi i stadutviklingssamanheng. Alle er viktige faktorar å ta omsyn til for å sikre at ny utvikling byggjer vidare på og styrker staden sitt særpreg. I Vågåmo sentrum er det allereie i dag døme på at ein nyttar historiske og identitetsskapande element som utgangspunkt for å skape destinasjonar. Munch-stigen, Lasaronstolpen og informasjonstavla ved Jutulporten er døme på dette. Spor etter geiler/ fegater, og murane langs desse, er innarbeidd i utforminga av aktivitetsparken ved Moajordet, og er eit døme på korleis kulturminne kan synleggjerast også gjennom ny bruk.

Byggeskikk og arkitektur er viktige stikkord, nært knytt til både kulturminneverdiar, historie og identitet. I Vågåmo sentrum finst bygg frå ulike tider, utbygd med ulik materialitet og fargebruk. Likevel er det nok dei låge, mørkebrune laftahusa folk i første rekke forbind med staden. Å ta stilling til formspråk og byggeskikk er ikkje hovudtema i stadutviklingsplanen. Her er det overordna bygningsstruktur og skala (byggehøg, bygningsvolum) og forholdet mellom bygg og uterom som er det sentrale. Tilpasning mot eksisterande forhold og identitet knytt til det som er, må tilleggjast vekt i desse vurderingane.

Dialog med dei som bur på staden er ei viktig kjelde til informasjon om dei meir uformelle identitetsskaparane og gir eit bilete på kva innbyggjarane sjølv ser som sentralt å bygge vidare på. Dette kan dreie seg om fysiske forhold, som bygg, uterom, byggeskikk og funksjonar, men også om ikkje-fysiske faktorar som til dømes naboskap, eit levande gründermiljø og aktive lag og organisasjonsliv. Dette kan gi viktige føringar både for fysisk utforming og gjennomføring av planar.

- TEIKNFORKLARING**
-  Freda bygg / bygningsmiljø
 -  SEFRAK-registrert
 -  Gardsbruk i drift
 -  Historieforteljande struktur
 -  Geil
 -  Murar
 -  Andre identitetsskapande element
 - 1: Lasaronstolpen / Moavegen
 - 2: Aktiv gardsdrift mot hovudgate i sentrum
 - 3: Jutulporten
 -  Munch-vandring i Vågå



Fase 1: Registrering og analyse

Historie og identitetsskapande element

Kartet på side side 8 viser ulike element som det må takast særleg omsyn til i det vidare arbeidet. Verneverdige bygg og strukturar, geiler og den historiske aksen mellom kyrkja og Ullinsvin (den gamle prestegarden) er døme på strukturar som må vere særleg premissgivande for løysingane.

Aktivt jordbruk og husdyrhald midt i sentrum er også ein del av særpreget til Vågåmo, og derfor eit tema i stadutviklingsplanen. Her må ein sjå nærare på korleis vidare drift kan kombinerast med vekst og press på sentrale tomter, og om det finst nye måtar å integrere jordbruket i stadutviklinga på. Som nemnd er destinasjonsbygging knytt til historie allereie gjennomført med hell i Vågåmo. I stadutviklingsplanen vil vi sjå nærare på om det er fleire stader der dette er aktuelt eller om nye verkemiddel kan nyttast for å gjere kvalitetane som finst meir synlege.



2



4



7



1



3



5



6



8

- 1: Aksene mellom Vågåkyrkja og Ullinsvin
- 2: Inngang til Vågåkyrkja
- 3: Merking / skilting av Munch-vandringa
- 4: Sauer i sentrum
- 5-6: Spor etter geiler (fegater)
- 7: Ullinsvin
- 8: Lokal byggeskikk (her frå Jutulheimen)

Fase 1: Registrering og analyse

Friluftsliv og rekreasjon

Vågå ligg sentralt til som innfallsport både til Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparkar. Fjellområda byr på eit stort mangfald av friluftsopplevingar, men også i og rundt Vågåmo sentrum er det god tilgang på ulike aktivitets- og rekreasjonsområde, samt tilbod knytt til idrett, lek og aktivitet.


Det er fleire turstigar og sykkelruter som legg delar av løypa innom sentrum. Friområde langs Finna, Otta og Vågåvatnet inngår også i dette, og byr også på fiske- og bademoglegheiter. Samla gir dette svært god tilgang på nærturar og naturopplevingar tett på dei sentrale bustadområda.

I tillegg til idrettsanlegg for organisert aktivitet er det også gode moglegheiter for lek og eigenorganiserte aktivitetar. Friområde/ aktivitetsparkar med samansett tilbod for fleire aldersgrupper ligg ved Moajordet og Dompe. Det er i tillegg nærleikeplassar i dei ulike bustadområda.


Sjølv om tilbodet er godt i dag, er det fleire stader moglegheit for betre tilrettelegging og tilgjenge. Riksvegen gir til dømes barriereverknad mellom Otta og Smedsmo. Her ligg kryssing i kulvert under vegen. Det same gjeld vest for rundkøyringa mot Vågåvegen. Her er det potensial for å tilføre attraksjonar og kvalitetar som også kan vere synlege frå riksvegen - noko som kan invitere til at forbireisande stoppar opp.

TEIKNFORKLARING

- Turrute
- Sykelrute
- Friområde
- Leikeplass
- Skuleplass
- Idrettsbaner
- Badeplass
- Attraksjon / målpunkt




Fase 1: Registrering og analyse Friluftsliv og rekreasjon



1 og 4: Moajordet
2: Sti langs Vågåvatnet, Vanglandet
3: Tilrettelagt sti mellom Jutulporten og Ullinsvin
5: Gangsti / geil

Fase 1: Registrering og analyse

Mobilitet



Fase 1: Registrering og analyse

Mobilitet

Mjuke trafikantar – generelt

Generelt sett er Vågåmo sentrum greitt tilrettelagde for gåande og syklande. Hovudvegane har eit separat tilbod for desse trafikantane. Syklistar og gåande er ikkje separert fysisk frå kvarandre, då det er fortau og gang- / sykkelveg som er bygd her.

Trafikktryggleik i samband med henting og levering til skulane har vore nemnd som ei problemstilling det må sjåast nærare på i arbeidet med stadutviklingsplanen. Basert på synfaring vurderer vi at sykling og gåing til skulane er trafikksikkert og attraktivt for dei som bur i gåavstand. Det er difor truleg ikkje tilbodet som gjer at elevane vert køyrd til skulen, men heller avstand og om dei bur utanfor tettstaden.

Innanfor vestsida av Vågåvegen er det mange, godt tilrettelagde snarvegar og gangvegar mellom funksjonar som barnehage, skule, leikeplass/aktivitetspark, handlegate, sjukeheim og liknande. Bustadgatene her har lite trafikk, og mange av gatene er blindvegar som gjer at det ikkje vert gjennomgangstrafikk. Dette gir i sum gode forhold for barn, unge og eldre som skal gå og sykle i området, sjølv om det ikkje er eit separat tilbod for mjuke trafikantar i desse områda.


Sambandet mellom Vågåmo vest og aust for Finna ligg i dag berre langs eksisterande bru heilt nord i sentrum. Ei gang- og sykkelbru over Finna ved idrettsplatsen har tidlegare blitt planlagd og finansiert,

men deretter stoppa opp som følge av politiske omprioriteringar. Bustadområde aust for Finna er difor kopla dårleg opp mot resten av sentrum og alle dei aktivitetane som ligg der. I samband med vidare arbeid kan det vere aktuelt å sjå nærare på brusamband som mogeleg tiltak innanfor heilskaplege stadutviklingsgrep for tettstaden.

I sentrum er det skilta godt til mange turmoglegheiter i nærleiken, og viktige målpunkt i sentrum. Dette gjer at det er lett å orientere seg for besøkande, og det senkar også gjerne terskelen for å gå til neste ærend i sentrum, heller enn å flytte bilen til ei ny parkering nærare målpunktet.



Døme på skilting i sentrum. Heilt til høgre: skilting til ulike funksjonar i sentrum.



Døme på snarvegar og gater avstengd for gjennomgåande biltrafikk i bustadområde vest i Vågåmo.



Parkerte sykklar i skuleområdet.

Fase 1: Registrering og analyse

Mobilitet



Vågåvegen som barriere

Som det går fram av side 5, ligg det aktivitetar og målpunkt på begge sider av Vågåvegen. Tyngdepunktet ligg på vestsida av vegen, men også på austsida er det målpunkt som kulturhuset, idrettshallen, idrettsbaner, kyrkja, nokre butikkar og campingområdet. Det er såleis sannsynleg med ein del kryssing av Vågåvegen for mjuke trafikantar.

Fartsgrensa for motorisert trafikk på Vågåvegen er maks 50 km/t gjennom heile sentrum. På ei delstrekning er den 40 km/t (og 30 km/t ved skulen?). Det er god sikt til opphøgde gangfelt. Trafikkmengda på Vågåvegen er av Statens Vegvesen vurdert å vere ca 3000 i årsdøgntrafikk (ÅDT). Tungtrafikkandelen ligg på rundt 10% av dette. Ein tommelfingerregel for timestrafikken er 10% av ÅDT, men dette vil sjølvsagt variere med kva dag, tid på døgnet og om det er snakk om turistsesong.

Vågåvegen vert opplevd som ei barriere mellom aust og vest i dag. Samanlikna med mange andre tettstader er dette likevel ikkje ein riksveg med stor del tungtrafikk til alle tider av døgeret. Ifølge barnetråkk og medverknadsaktivitetar i samband med kommunen sine planprosessar, vert vegen opplevd som ei barriere – og det må takast på alvor. Dette kan spesielt gjelde dei som har utfordringar med å navigere trafikkbilete, som barn, unge og eldre.



Bilete av Vågåvegen gjennom Vågåmo i dag. Begge bileta syner delar av strekninga med fartsgrense på 40 km/t.

Fartsgrensa er som nemnt låg, og siktilhøva langs sjølve vegen er gode. Der Vågåvegen møter trafikkerte sideveggar kan det likevel bli uoversiktleg, særleg for born og eldre, og det er behov for å krysse sidevegane. Krysset mellom Vågåvegen og Edvard Storms veg er eit slikt døme.

Det kan også diskuterast om tal på og plassering av gangfelt er hensiktsmessig med tanke på dei aktivitetane som skjer på begge side av Vågåvegen. Ved den kommunale parkeringsplassen på austsida av vegen er det til dømes hensiktsmessig å krysse direkte over Vågåvegen mot Moavegen (sjå markering i kart) for dei som parkerer her og skal nordover mot butikkane i sentrum.

Å sjå nærare på barriereverknaden av Vågåvegen og kva som gjerast for å redusere denne vil vere eit viktig tema i det vidare arbeidet med stadutviklingsplanen. Diskusjonar om å gjere den om til gate vil også henge tett saman med vurderingar knytt til stadstrukturen og arealbruk langs vegen. Vågåvegen er i stor grad utforma med gatepreg i dag, med attraktiv belysning, rabattar med vegetasjon og gatetre, eige tilbod for mjuke trafikantar, låg fartsgrense og fleire kryssingspunkt. Det som manglar er bygg og aktive fasadar ut mot vegen, særleg på vestsida.



Parkering

Basert på synfaringa har vi inntrykk av at det ikkje er mangel på parkeringsplassar i Vågåmo sentrum, snarare tvert imot. Som i mange andre norske tettstader, er store areal i sentrum sett av til parkering. Dette gjeld både parkering for tilsette, butikkar og kommunale parkeringsplassar.

Vågåmo ønsker å vere ein attraktiv stad for store arrangement. Dette kan gi auka parkeringsbehov i periodar. Det kan vere utfordrande å samkøyre desse to omsyna. Parkering vil difor vere eit sentralt tema i vidare arbeid med stadutviklingsplanen, då dette er ei større utfordring enn andre mobilitets-tema i dag. Aktuelle problemstillingar vil vere:

- ▶ Korleis redusere parkering og bruk av bil i Vågåmo sentrum, samstundes som ein kan legge til rette for større arrangement med mange besøkande som kjem køyrande?
- ▶ Kva anna bruk kan areala som i dag vert nytta til parkering få i framtida?
- ▶ Kva parkeringsplassar ønsker ein å behalda for å legge til rette for handel og aktivitet i Vågåmo for dei som ikkje bur i gang- og sykkelavstand, eller av andre årsaker må nytte bil?
- ▶ Korleis spelar parkering ei rolle i målet om å få fleire til å stoppe i Vågåmo sentrum av dei som i dag køyrer forbi?



Den kommunale parkeringsplassen på Halland, aust for Vågåvegen.

Fase 1: Registrering og analyse


Mobilitet



Biltrafikk

I Vågåmo sentrum er bilen si rolle synleg, spesielt når det gjeld parkering. Utover dette vurderer vi at bilen ikkje har ein uproporsjonal stor plass. I denne vurderinga vert det lagt vekt på at situasjonen med gjennomgangstrafikk gjennom sentrum er låg, oversiktleg og i relativt lav hastighet. I det mest sentrale området av sentrum er fartsgrensa sett ned til 40 km/t. Trafikksikkerheit og trivsel i sentrum er slik prioritert framfor effektivitet for biltrafikk. Opplevd barriereeffekt frå vegen er likevel ei viktig problemstilling som vil vurderast vidare i arbeidet med stadutviklingsplanen. For mobilitetstemaet gjeld dette spesielt vurderingar knytt til utforming i retning gate heller enn veg. Det er også interessant å vurdere permanent stenging av nordre delar av Moavegen, som tidlegare har vore midlertidig stengd med godt resultat, i samband med turistsesongen og julegate. I samband med dette vert økonomifunksjonar/ varelevering og kundeparkering problemstillingar ein må vurdere nærare.

Som nemnd er også fleire bustadgater stengd for gjennomgangstrafikk, der det berre er gåande og syklande som kan nytte gatene som gjennomfartsårer. Dette vurderast som eit godt grep som bidrar til attraktiviteten til bustadområda. Det reduserer gjennomgangstrafikk i bustadgatene – noko som gir auka trafikktryggleik, opplevd tryggleik, støy og anna problematikk knytt til gjennomgåande biltrafikk i bustadområde.



Køyremønster til Industrivegen

Tungtrafikk

Næringsområdet aust for Finna skaper ein ikkje ubetydeleg næringstrafikk, også med store køyretøy. For trafikk som anten kjem frå eller skal til aust, vil det vere naturleg å velje å ta av i rundkøyringa lenger aust, og trafikken går då ikkje gjennom Vågåmo sentrum. For trafikk som kjem frå eller skal mot vest, vil ein truleg velje å køyre gjennom sentrum.

Vi har ikkje informasjon om korleis denne trafikken fordeler seg mellom dei to retningane, og dermed korleis ei eventuell løysing på dette (eksempelvis avkøyrsløse direkte frå riksvegen til næringsområde) kan ha innverknad på trafikkbilete i Vågåmo sentrum.

I tillegg har Statens Vegvesen tidlegare vore negative til ei kryssløysing her, og utviser generelt skepsis til fleire avkøyrsløse og kryss på hovudvegnettet. For å gå i vidare dialog om ei eventuell kryssløysing, vil det vere behov for å vurdere nærare og utarbeide gode grunnlag som viser betydning av eit slikt grep. Det ligg ikkje innanfor rammene til dette arbeidet å utvikle eit slikt grunnlag, men vurderingar knytt til denne problematikken kan likevel inngå som del av heilskaplege grep for tettstaden.



Rundkøyringa på riksveg 15 når ein kjem austfrå.



Rundkøyringa på riksveg 15 når ein kjem vestfrå.

Vågåmo som stoppestad

Fram til rundt 2004 var Vågåvegen gjennom Vågåmo sentrum del av riksvegen. Då vegen vart lagd utanom i 2004, vart Vågåvegen nedklassifisert til fylkesveg. Fordelen med å ha riksveg utanom sentrum er at ein unngår trafikken på riksvegnettet som ikkje har Vågåmo som målpunkt. Dette gjeld ikkje berre trafikkmengda, men også uheldig samansetjing av mykje tungtrafikk som gjerne i større grad enn anna trafikk også går på kvelds- og nattetid.

Ulempene med å ha vegen utanom sentrum er at ein potensielt mistar tilfeldig besøkande, og potensielle kundar, som følgje av at ein ikkje i like stor grad er merksam på at dette er ein stad ein kan stoppe for og handle eller ete. Dette er ei kjend problemstilling frå fleire tettstader. Vågåmo har også vore del av ein studie av kva som følgde av omlegginga, der tilbakemeldinga er at det samla sett har vore positivt for tettstaden og sentrum, fordi det er trivelegare å opphalde seg her (Multiconsult, 2009).

Det er likevel eit ønske å tiltrekke seg fleire besøkande frå riksvegen, og å få fleire uplanlagde stopp i sentrum. Det vil seie besøkande som ikkje hadde planlagt å stoppe i Vågåmo undervegs på reisa ender opp med å gjere det, då dei vert merksame på staden. Dette kan spesielt vere dei som er på lange reiser og ikkje er kjend med Vågåmo i utgangspunktet, og som treng ein stoppestad på vegen.

Statens Vegvesen har berekna at det ca. 3000 i ÅDT på riksvegen vest for Vågå, og 2000 aust for rundkøyringa. Det tyder på ein del trafikk vestfrå som har Vågåmo eller målpunkt nordover som reisedestinasjon. Tungtrafikkandelen ligg på rundt 15%.

I rundkøyringa er det allereie i dag skilta tydeleg til Vågåmo sentrum. Rundkøyringa har også ein skulptur som signaliserer at det skjer noko i området, at ein har kome til ein stad. Dette er tiltak som talar for at reisande vert gjort merksame på at dette er ein stad å stoppe. Det ein ser frå vegen støttar kanskje mindre opp kring dette, då det er eit ope jorde, ein bensinstasjon og ein stor parkeringsplass. Kommunen ønsker at ein i denne stadutviklingsplanen ser på kva ein kan gjere utover dei tiltaka som allereie er til stades, for at fleire skal velje å stoppe eller komme inn til sentrum. Dette vil vi difor sjå vidare på i arbeidet, og kan dreie seg om andre tiltak enn fysisk utforming.

Fase 1: Registrering og analyse


Utbyggingspotensial

Det pågår fleire utbyggingsprosjekt og er eit generelt ønske om vekst og utvikling i Vågåmo. Samstundes er det mangel på tilgjengelege sentrumsnære tomter. Jordvern er eitt aspekt som gir føringar for bruk av nye utbyggingsareal, naturfare eit anna. NVE har nyleg utarbeidd nye faresonekart som viser at store delar av Vågåmo sentrum ligg i flaumsone. Alle nye byggjeprojekt må utformast med omsyn til denne problematikken og dokumentere tilstrekkeleg sikkerheit jf. gjeldande regelverk. Det pågår prosessar for å avklare situasjonen og moglegheitsrommet tydelegare. Vurderingane i stadutviklingsplanen vil innarbeide tilgjengeleg kunnskap om flaumsituasjonen dersom denne føreligg mens arbeidet pågår, og legg elles til grunn at det vil være mogeleg å finne løysingar som sikrar vidare utbygging.

Mangel på byggjekarlege tomter gjer at fortettingsstrategiar og transformasjon av eksisterande bygnadsmasse er eit viktig tema i arbeidet med stadutviklingsplanen. Det må vurderast om auka byggehøgdd er aktuelt for å komprimere vidare utbygging kring den eksisterande kjernen. Kartet viser nokre områder det vurderast som særleg aktuelle å sjå nærare på.

Vågåmo har hatt ei restriktiv haldning til nyetableringar i sentrum som krev stor og tung bygningsmasse. I dag er det ei generell problemstilling at ein del forretningar, særleg daglegvare, stiller auka krav til effektiv logistikk der tilkomst for tungtrafikk, arealkrevjande renovasjons- og lagringsløyser og god tilgang på kundeparkering er ønskeleg. Vidare ønsker gjerne denne type forretning store bygningsvolum og liten grad av opne fasadar som vender som mot og aktiviserer omgivingane sine. Samla vert dette bygningar som er lite kompatibelt med eit attraktivt sentrumsområde. Samstundes er daglegvareforretning ein grunnleggjande sentrumsfunksjon. I det vidare arbeidet vil vi sjå nærare på kor og korleis det er mogeleg å legge til rette for denne type forretning utan at det går ut over attraktiviteten til sentrum.

Eit meir variert bustadtilbod i sentrum er eit tema som også skal belyst i arbeidet. Her vil det vere særleg interessant å sjå nærare på korleis bustad kan samanstillast med andre funksjonar.



TEIKNFORKLARING

- Ledig/ubygd tomt (regulert i KPA)
- Fortetting/transformasjonspotensial
- Pågåande prosjekt/utbyggingsplanar (2022)

Fase 1: Registrering og analyse
Overordna analyse



Registrerings- og analysefasen har identifisert både tydelege kvalitetar og nokre utfordringar i Vågåmo sentrum. Med bakgrunn i desse observasjonane, og kommunen sine overordna mål for stadutvikling, har vi sett opp følgande føringar for vidare arbeid:

1: STYRKE DEN HISTORISKE SENTRUMSKJERNEN

Gjennom å:

- ▶ vidareføre eit rikt og variert handels- og tenestetilbod.
- ▶ oppretthalde konsentrasjon av publikumsretta aktivitet.
- ▶ utforme samanhengande offentlege uterom av høg kvalitet, tilrettelagd for aktivitet og opphald
- ▶ legge vekt på at bygg er utforma og aktivitetar plassert slik at dei bidrar til å aktivisere uteromsnett
- ▶ sikre ein stadstruktur utforma på gåande og syklande sine premiss.
- ▶ framleis nytte den historiske bygningsmassen til publikumsretta aktivitet.

I dei sentrale byromma er det behov for å:

- ▶ auke attraktiviteten i område som har vegpreg / er dominerte av overflateparkering.
- ▶ knyte eksisterande uterom betre og tydelegare saman. Dette gjeld også på tvers av Vågåvegen
- ▶ ha fokus på at uteromma skal eigne seg både til kvardags og ved arrangement som samlar mange.

2: LEGGE TIL RETTE FOR VIDARE VEKST OG NYETABLERING

For å møte ønske om vidare vekst og utbygging er det behov for å vurdere:

- ▶ lokalisering av større handelsformat, med sine behov til parkering og økonomifunksjonar, og vege dette opp mot behov for funksjonskonsentrasjon i den historiske sentrumskjerna
- ▶ lokalisering av fleire sentrumsnære bustader
- ▶ fortettingspotensial

I utforming av ny utbygging må det vere særleg fokus på:

- ▶ å unngå konflikt med eksisterande kvalitetar, og ha som mål å tilføre nye.
- ▶ plassering og utforming med eit bevisst forhold til omliggande uterom, slik at ein unngår at desse vert prega av parkering og økonomifunksjonar.
- ▶ skala/byggehøgde tilpassa eksisterande forhold samstundes som ein sikrar gode utviklingsmoglegheiter. Det bør særleg vurderast om delar av sentrum kan tole noko auka byggjehøgde.
- ▶ ny utbygging bør tilføre større variasjon i typologiar og bidra til fortsatt funksjonsmangfald i sentrum.

3: IDENTITSBYGGING - BYGGE VIDARE PÅ HISTORISKE OG IDENTITETSSKAPANDE ELEMENT

- ▶ Vidareføre verdifulle bygg, historiske spor og identitetsskapande element i sentrum.
- ▶ Sjå på moglegheitene til å vidareføre sentrumsnært jordbruksareal og nye måtar å integrere dette med øvrige sentrumsfunksjonar.
- ▶ Styrke aksene mellom Ullinsvin og kyrkja

4: DESTINASJONSBYGGING – STYRKE VÅGÅMO SENTRUM SI ROLLE SOM DESTINASJON

Det er behov for:

- ▶ tiltak for å få fleire forbireisande til å stoppe opp
- ▶ å legge godt til rette for gjennomføring av større arrangement (infrastruktur, parkering, arena av ulik art og storleik som fungerer både til kvardags og under større arrangement)
- ▶ å synleggjere rolle som innfallspurt til fjella og nasjonalparkstatus.

5: AKTIVISERE GRØNSTRUKTUREN

Det er behov for å:

- ▶ behalde og styrke eksisterande gangsamband og turløyper mot og gjennom sentrum.
- ▶ Knyte grønstrukturen godt mot nye utbyggingsområde.
- ▶ Fokus på nærturar og aktivitet i sentrum, med tydeleg samband til dei store friluftinteressene i fjellområda.
- ▶ Tilføre enda fleire målpunkt og stader tilrettelagt for opphald og aktivitet undervegs. Særleg potensial er det i områda langs og i elv/vatn.

6: REDUSERE BARRIEREVERKNAD

Vågåvegen

Det er behov for betre og tydelegare kopling over Vågåvegen for å redusere barriereverknad. Aktuelle verkemiddel kan vere:

- ▶ tilføre fleire fotgjengarkryssingar
- ▶ utnytte uteromspotensialet aust for Vågåvegen betre, og knyte dette tydeleg opp mot kvalitetane vest for vegen
- ▶ bevisst utforming av eventuelle nye bygg som vender seg mot Vågåvegen.
- ▶ tiltak for å betre trafiksikkerheit i skuleområdet.

Finna

Behov for å redusere barriereverknad frå og mot Finna må vurderast nærare, og må sjåast i samheng med naturfare. Dersom det kjem meir informasjon om aktuelle flaumsikringstiltak vil dette kunne inkluderast som kunnskapsgrunnlag. Det må vere eit generelt mål at eventuelle landskapsinngrep i samband med flaumsikring får ei attraktiv og fleirfunksjonell utforming, slik at dei kan tilføre visuelle og bruksmessige kvalitetar.

Andre aktuelle verkemiddel kan vere:

- ▶ brukryssing(ar) over Finna
- ▶ tilrettelegging for variert bruk langs Finna.

7: MOBILITET PÅ DEI MJUKE TRAFIKANTANE SINE VILKÅR

- ▶ Redusere barriereverknad frå Vågåvegen (sjå pkt 5)
- ▶ Oppretthalde avgrensa gjennomkøyringsmoglegheiter i bustadområda.
- ▶ Vurdere permanent gågate i øvre delar av Moavegen. Inkludert løysingar for varelevering og økonomifunksjonar.
- ▶ Parkeringsareal - reduksjon og/ eller samling av eksisterande plassar. Legge til rette for løysingar som kan fungere både til kvardags og under arrangement med mange tilreisande.



Fase 2: Dialog og medverknad

Lvert: mai 2022

I samband med oppstart av arbeidet med stadutviklingsplanen har Vågå kommune hausten 2021 innhenta innspel frå ulike grupper. Både innbyggjarar, det offentlege og næringslivet har blitt invitert til å komme med innspel til behov, moglegheiter og utfordringar i vidare utvikling av Vågmo sentrum. Følgande har blitt gjennomført:

- ▶ ope folkemøte (16.09.2021)
- ▶ møte med Fylkeskommunen (27.10.2021)
- ▶ idémøte med kommunestyret
- ▶ møte med ungdomsrådet (22.09.2021)
- ▶ møte med arrangørar av Traktorrock og Gågate
- ▶ involveringssamtalar med næringslivet i sentrum
- ▶ involveringsmøte med rådet for eldre og funksjonshemma

Kommunen har samla og summert opp innspela som har kome inn. Basert på dette grunnlag følger ei kort samanfating av viktige funn. Alle innspel som er registrert er tatt med, utan vektning eller vurdering av relevans. Tema og område som vert nemnt av fleire ulike grupper er likevel framheva særskilt, då dette kan indikere særlege potensial eller utfordringar som det vil være naturleg å legge til grunn for vidare arbeid med stadutviklingsplanen.

I oppsummeringa av innspela er det skilt mellom fysiske tiltak og ikkje-fysiske tiltak, meir knytt til prosessar og/eller organisering. Der dei fysiske tiltaka er knytt til ei bestemt lokalisering, er registreringane kartfesta som punkt (sjå kart på neste side). Innspel til både fysiske og ikkje-fysiske tiltak er samla i tabellane 1-3, og er alle lagt til grunn for områda som er markert i kartet og det oppsummerande samandraget.

Innspel som kjem gjennom slike medverknadsprosessar vil vere påverka av fleire ulike faktorar. Metode, fokus og organisering av dialogfasa er eitt aspekt, kven som har uttala seg er eit anna og tolkinga av innspela eit tredje. Vidare kan eksterne faktorar, som til dømes pandemien og pågåande naturfareutgreiingar, også ha vore med på å farge innspela som har kome.


Det er likevel ingen tvil om at dette er svært nyttige og viktige indikatorar på utviklingspotensial og utfordringar. Ekspertane på tettstaden er dei som bur og oppheld seg her til kvardags. Vidare er realisering av planar ofte nært knytt til lokale initiativ og aktørar, der dugnadsvilje og bidrag frå eldsjeler også kan spele ei avgjerande rolle.

Tabell 1: Innspel til behov og forslag til tiltak - kartfesta

Innspel	
1	Gangbru over Finna
2	Parsell / småbruk
3	Vidareutvikle Villa-parken <ul style="list-style-type: none"> ▶ bowl-bane ▶ betongpark til skating ▶ fleire aktivitetar og auka aktivitetsnivå
4	Badedammen på Smedsmo <ul style="list-style-type: none"> ▶ Utvikle området som ein synleg innfallsport til Vågå ▶ Gjere meir tilgjengeleg for innbyggjarar og turistar ▶ Tilrettelagt for parkering ved YX
5	Gågate - permanent elle sesong (sommar, jul)
6	Zip-line over vatnet
7	Motell / minihuslandsby
8	Opne opp biblioteket mot gateplan
9	Synleggjere bakstehuset
10	Knytte område ved Power betre mot sentrum
11	Utnytte tomtene betre / fortetting av tomtene
12	Park og parkeringsplassar rundt Bunnpris-bygget
13	Utvikle Halland <ul style="list-style-type: none"> ▶ Bygge tak over kunstgraset. ▶ Amfi ▶ Nytte ved store arrangement. ▶ Komprimere idrettsfunksjon for å frigjere areal. Treng ikkje tre baner.
14	Omdisponering av tomtar /makeskifte mellom Halland og Smedsmo. Coop får Halland og Vågå kommune flytter parkeringa til Smedsmo-jordet. Involvere Vågå idrettslag for å få tilgang til areal på Halland.
15	Flytte Jutulheimen til sentrum. Mellom Sørebu og barnehagen eller Brustugujordet.
16	Flytte musikkpaviljongen
17	Skilting / synleggjering av eksisterande tilbod (både frå Lom og Otta)
18	Økt aktivitet/attraksjon/blikkfang ved rundkjøringane
19	Rydding av skog mot rv 15
20	Betre gangveg fra Smedsmo til sentrum
21	Univsert utforma turstigar - eksempelvis langs Finna og Vanglandet
22	Rydding av turstigar. Gjere eksisterande meir synlege.
23	P-plass v/ kommunehuset for turistar, Halland for kommunen

24	Betre trafikksikring i skuleområde <ul style="list-style-type: none"> ▶ Hjartesone ▶ Tidsstyrt bom for å styre trafikken ▶ behov også mellom helsesenteret og skulen ▶ løysing så ungane slipp å krysse vegen ved levering
25	Felles parkeringsløysingar. Spelt inn for Ullinsvin-Jutulporten-Dompe og Jutulporten - Friområde
26	Vågåvegen: Veg til gate bør vurderast
27	Gangveg mellom Kvarbergåsen og sentrum
28	Auka trafikk i Brennvegen ved gågate i Moavegen
29	Sikre overgang ved kyrkja med lys
30	Utnytte p-plassen betre, med fokus på plassfunksjonen.
31	Fleire køyrer ut ved fotgjengarovergang. Skiltast/sperrast?
32	Vanskeleg tilkomst med bil (inn-/utkøyring)
33	Ved Bokhandel'n: Trong innkøyring på grunn av grøntområde. Særleg ved varelevering då lastebil blokkerer.
34	Ingen naturleg tilgang for gåande mot hovedinngang til hotellet
35	Leiligheter i Grindstugulego
36	Vurdere bustader på Vågå handelsforening
37	Gangveg Langskåre - sentrum
38	Knytte Ullinsvin og Jutulporten nærare sentrum
39	Utvikle området mot Jutulporten. Knytte mot friområde/Jutulheimen
40	Utvikle Dompe
41	Styrke aksene. Kreative løysingar. Sjå Superkilen i København for inspirasjon.
42	Bruk av Vågåvatnet. <ul style="list-style-type: none"> ▶ "Vannbygda Vågå". Unik arena for båtsport. ▶ Meir aktivitet, sommar og vinter. ▶ Skøyteplass. ▶ Større strand. ▶ Sandstrand med sand frå Lom. ▶ Fleire båt plassar. ▶ Toalett og omklede rom. ▶ Flytande basseng med hoppetårn. ▶ Utvide bryggjeanlegget.
43	Trapper opp til Nordherad
44	Legge til rette for vassarrangement langs Finna <ul style="list-style-type: none"> ▶ Aktivitet med kajakk og gummibåt. ▶ Pappbåtkonkurranse

Innspel



Innspel



Tabell 2: Innspel til behov og forslag til fysiske tiltak - ikkje kartfesta

Innspel	
1	Offentleg toalett. ▶ Fancy modell. ▶ Gjerne med betaling.
2	Viewpoint-hytte. Hytte på utsiktspunkt, med overnattingsmoglegheit
3	Legge til rette for bubilar i sentrum ▶ Strøm og el-uttak for lading av bubil (kan også nyttast ved arrangement)
4	Sosial arena for ungdom (innandørs). Kan treffast, sjå fotball, gjere aktivitetar.
5	Handverklandsby med verkstad, utsal, kafé og samlingspunkt knytt til Ullinsvin og Jutulheimen (geografien kan diskuteras).
6	Kunst i sentrum.
7	Takoverbygg i sentrum.
8	Leikemoglegheiter i tillegg til Moajordet, andre stader i sentrum
9	Vise frem meir matkultur. Ikkje berre blomar i sentrum, men også grønsaker.
10	Rydde vegetasjon i og rundt sentrum.
11	Fast infrastruktur til festivalar. Straumuttak.
12	Legge til rette for fleire små og store arenaer i sentrum. Manglar areal for eksempel til tivoli og sirkus
13	Manglar eit stort innandørsområde for arrangement og messer
14	Skilting ▶ Inn til sentrum og innad i sentrum ▶ Til badeplassen ▶ Ved innfallsportane ▶ Turstiar
15	Betre tilrettelagd sykkelparkering ved offentlege bygg og funksjonar
16	Behov: Ekstra parkeringsareal ved arrangement
17	Behov : Fleire bustader til førstegangskjøparar
18	Opne for auke byggehøgde og utnyttingsgrad
19	Kombinere bustad og næringsareal.
20	Fortette brukt areal. Fleire attraksjonar og aktivitetar.
21	Bypreg på gatene. Husfasadar som følger langs gater.
22	Tillate ny moderne arkitektur saman med gamle bygg
23	Dele opp tomter.

Tabell 3: Innspel til behov og forslag til ikkje-fysiske tiltak (prosessar/organisering)

Innspel	
1	Heilårstilbod. ▶ Vinterarrangement i sentrum.
2	Endre fokus frå handelssentrum til andre aktivitetar
3	Opningstider ▶ Koordinere opningstider. ▶ Søke om søndagsopne butikkar.
4	Sommaropent basseng ▶ tilbod for reiseliv. ▶ Helse og rekreasjon som næring
5	Laurdagsaktivitet er positivt
6	Biblioteket: meir aktivitet ▶ utleie av meir enn berre bøker. Til dømes lisensar, symaskin.
7	Involvere næringslivet i heile sentrum, unngå todeling.
8	Involvere heile sentrum i aktivitetar og arrangement
9	Etablere næringsgruppe på industriområde
10	Arrangementskoordinator
11	Ny reguleringsplanplan for industriområde
12	Tilgang på produksjonskjøkken
13	Opprette ein app for oversikt over tilbod og dialog
14	Profilering på digitale flater
15	Sentrumskart med QR-kode
16	Turkart over sentrum ▶ fysiske kart og nærturar er etterspurd av besøkande
17	Sykkelguiding
18	Stimulere til meir bruk av sykkel
19	Stimulere til etablering av arbeidsplassar til folk med høgare utdanning
20	Tiltak for å få privatpersonar til å dele tomtane sine/selje tomt
21	Samarbeid private - husbanken for bygging av bustader
22	Konseptkonkurranse for området i Grindstugulego
23	Lage kart over og marknadsføre ledige tomter.
24	Friskmelde områder som er flom- og rasutsett
25	Behov for dialog med hytteeigarar
26	Hente idear frå gamle planar
27	I arbeidet med stadutviklingsplanen ▶ Prioritere 4S: Små tiltak Sikrar Suksess Straks ▶ Illustrere tiltak for å stimulere til meir innbyggjarinvolvering

28	Gjennomføre trafikksikkerheitsanalyse, barnetråkk, mobilitetsanalyse
29	Betre kollektivtilbod i Ottadalen
30	Hente heim og stille ut gjenstandar frå kulturhistorisk museum
31	Utvikle den kulturelle omveg
32	Kunst i sentrum: involvere KORO
33	Behov: plan for alternative køyvegar inn til og inne i sentrum når sentrum er strengt for arrangement

Samandrag



- ▶ Samla sett vert det i liten grad etterlyst nye sentrumsfunksjonar eller offentlege tilbod i sentrumskjernen. Det verkar i større grad å vere ønske om å byggje vidare på og synleggjere dei tilboda som allereie finst. Dette er ein indikator på at dei som bur og arbeider i Vågåmo i all hovudsak er nøgd med tilbodet ein har her i dag.
- ▶ Fleire nemner at det er behov for å knyte dei ulike delane av sentrum betre saman, både fysisk og funksjonelt. Gangbru over Finna er eitt av tiltaka som vert nemnd for å oppnå dette. Gågate i Moavegen, permanent eller sesongbasert, og organisering av parkering er andre tema som går igjen hos fleire, det same gjeld infrastruktur for å handtere større arrangement.
- ▶ Idrettsanlegget og den kommunale parkeringsplassen på **Halland** er område som vert trekt fram av fleire, med ønske om betre eller anna utnytting enn i dag.
- ▶ Det er mange innspel og idéar til nye og styrka tilbod innan friluftsliv og rekreasjon. Særleg gjeld dette for aktivitetar i og ved vatn, der det er spelt inn ønske om tilrettelegging for fleire grupper og auka aktivitet over året. Flest innspel er knytt til **Vågåvatene/Vanglandet**, men også **badedammen på Smedsmo og elvane** vert trekt fram. Vidareutvikling og auka bruk av **Villaparken/Moajordet** er også ønskt av fleire.
- ▶ **Jutulheimen, Jutulporten (med tilliggjande friområde), Ullinsvin, Dompe:** det vert nemnd at områda må styrkast og synleggjerast, og at dei bør sjåast i samanheng og knytast betre både mot kvarande og sentrum. Felles parkering for fleire av funksjonane vert nemnd som eit behov.
- ▶ Å etablere fleire **sentrumsnære bustader** har vore eit av fokusområda i medverknadsprosessen. Tiltak som fortetting, auka byggjehøgde og å samanstelle bustad med andre sentrumsfunksjonar, vert nemnd som moglege løysingar på denne utfordringa.
- ▶ **Skuleområdet** skil seg ut med mange registreringar av utfordringar knytt til trafiksikkerheit.
- ▶ Av ikkje-fysiske tiltak er det innspel til både formelle planprosessar og utgreiingar, samt enklare tiltak knytt til eksisterande tilbod. Fleire peikar på behov for å synleggjere eksisterande tilbod betre gjennom til dømes bruk av fysiske og/eller digitale kart.

Lågthengande frukt : Små tiltak Sikrar Suksess Straks

- ▶ Det er fleire døme på innspel til enkle tiltak som kan gjennomførast raskt og utan omfattande prosessar knytt til planlegging, organisering og finansiering. Slike tiltak kan vere viktige for å skape engasjementet rundt stadutviklinga, støtte opp om initiativ frå innbyggjarar og næringsliv, samt synleggjere framdrift i stadutviklinga. Døme på innspel til enkle prosjekt inkluderer:
 - ▶ Synleggjering og skilting av eksisterande tilbod
 - ▶ Rydding av vegetasjon
 - ▶ Etablere fleire små scener/arenaer
 - ▶ Organisering av parkeringsplassar
 - ▶ Kunst i sentrum
 - ▶ Synleggjere matkultur i sentrum: grønsaker heller enn blomster
 - ▶ Leik i sentrum
- ▶ Å etablere midlertidige tiltak i områder der det er signalisert ønske om endring, eller for å teste ut lokalisering av ønska tilbod, kan vere ein effektiv måte å synleggjere behov og teste ut potensial før ein eventuelt endrar arealbruken permanent. Det er spelt inn ønske om flyttbare/enkle konstruksjonar som offentleg toalett og små scener/arenaer, som kan vere godt eigna til dette. Alternativ bruk av parkeringsplassar og andre ledige areal kan også vere aktuelt, kanskje særleg i samband med større arrangement.



Fase 3: Konsept- og idéutvikling

Leveret: januar 2023

Fase 3: Konsept- og idéutvikling



Hausten 2022 har det vore jobba med å konkretisere grep og sentrale utviklingsmohgelgheiter som kan bygge opp om måla som vart definert i fase 1 og innspela som kom i fase 2.

Følgande hovudtema vart definert på bakgrunn av funna frå dei innleiande fasane:

- Overordna plangrep og uteromsstruktur
- Fortettingsmoglegheiter og bustadutvikling
- Mobilitet
- Grønstruktur
- Vågåmo - arrangementsbygd og innfallsport til Jotunheimen

Desse hovudtema har danna utgangspunkt for ein møteserie der ei arbeidsgruppe bestående av representantar frå Norconsult og Vågå kommune har deltatt. I dette kapitlet vert idéar, diskusjonspunkt og konklusjonar frå desse møta kort oppsummert.

Dei overordna konseptvala frå fase 3 dannar utgangspunkt for fase 4, som er ei produksjonsfase der arbeidet med stadutviklingsplanen skal samanfatta i illustrasjonar og samla sluttrapport. Denne vil innehalde forslag til fysiske grep, peike på behov for vidare utgreiingar og planar, og innspel til utformingsprinsipp som kan leggest til grunn for vidare plan- og byggearbeid i kommunen.



Oppsummerande kart etter fase 1 - registrering og analyse


3.1: Overordna plangrep og uteromsstruktur

Føringar og strategiar

Behov/føringar identifisert gjennom fase 1 og 2:


- 1: Styrke den historiske sentrumskjernen
- 2: Legge til rette for vidare vekst og nyetablering
- 3: Identitetsbygging - bygge vidare utvikling på historiske og identitetsskapande element
- 4: Destinasjonsbygging - styrke Vågåmo si rolle som destinasjon
- 5: Aktivisere grønstrukturen
- 6: Redusere barriereverknad frå Finna og Vågåvegen
- 7: Mobilitet på dei mjuke trafikantane sine vilkår

Overordna strategiar for å oppnå mål og føringar




KONSENTRERE ny utvikling av sentrumsfunksjon
kring eksisterande sentrumskjerne

- ▶ fortette
- ▶ transformere




KNYTE SAMAN

- ▶ "uteromsvev" som knyt saman ulike uterom og målpunkt - eksisterande og nye



AKTIVISERE

- ▶ Grønstrukturen
- ▶ Uteromsveven
- ▶ Fylle tomme bygg med aktivitet



SNU MOBILITETSHIERARKIET

- ▶ Stadutvikling på dei mjuke trafikantane sine vilkår


3.1: Overordna plangrep og uteromsstruktur

Tyngdepunkt og lokalisering av sentrumsfunksjonar

Basert på tilgjengelige utviklingsareal, gjeldande planar og registreringane i fase 1 og 2, var det innleiingsvis definert 3 ulike prinsipielle utviklingskonsept for etablering av nye sentrumsfunksjonar (publikumsfunksjonar/utadretta verksemd), og sett nærare på korleis dette vil påverke sentrumstyngdepunktet i Vågåmo. Vågåvegen og Foreningsgarden/Moavegen utgjør hovedakse i alle tre konsept, og det er i hovedsak fokusert på utviklingsareala som ligg direkte knytt mot desse. Redusert barriereverknad av Finna og Vågåvegen gjennom betra fotgjengarsamband er lagt inn som premiss i alle dei tre konsept, det same gjeld prioritert grønstruktur langs elvane Finna og Otta, samt Vågåvatnet.


Teiknforklaring

- Områdeavgrensing stadutviklingsplan
- Sentrumskjeerne
- Nye sentrumsfunksjonar
- ➔ Sentrum - primærakse
- ➔ Viktig fotjengarakse
- ➔ Grønstruktur




KONSEPT A: Kompakt sentrumskjeerne

- ▶ Nye sentrumsfunksjonar konsentrert rundt den eksisterande, historiske sentrumskjeerna.
- ▶ Områda sør for sentrumskjeerna vert fortetta med bustadformål og/eller turisme.
- ▶ Markering av innfallsporten primært knytt til tursime og aktivisering av grønstrukturen.



KONSEPT B: Tokjerna sentrum

- ▶ To kompakte sentrumskjeerne med gode gangsamband både internt og mellom kvarandre.
- ▶ Ny utvikling vert i hovudsak etablert i sør, godt synleg frå riksvegen.
- ▶ Den historiske sentrumskjeerna vert vidareutvikla med hovedvekt på vern gjennom bruk av eksisterande bygg og transformasjon.



KONSEPT C: Bandstad langs Vågåvegen

- ▶ Sentrumsfunksjonar langs Vågåvegen i heile det drøyt kilometerlange strekket frå runkøyvinga i sør til Nugga i nordaust.

Konseptval og tilrådd overordna plangrep


KONSEPTVAL

- ▶ Konsept C gir eit svært langstrakt sentrumsområde som i liten grad bygger opp om aldersvenleg stadutvikling og kompakt sentrumsutvikling. Avhengig av mange nyetableringar og stor grad av samanhengande aktive fasadar for å kunne fungere.
- ▶ Ei utvikling som i konsept B kan styrke "innfallsporten" mot riksvegen, men vil også kunne utarme eksisterande sentrum. Vegtrafikkstøy, høgdeskilnad mot riksvegen og flaumproblematikk utgjør store utfordringar for ei slik utvikling
- ▶ Samla sett vert alternativ A vurdert å i størst grad bygge opp under gjeldande forventningar til stadutvikling og føringane som er gitt for stadutviklingsplanen

TILRÅDD OVERORDNA PLANGREP

Basert på konsept A vert følgjande hovedgrep tilrådd lagt til grunn for stadutvikling:

- 
- Tyngdepunkt sentrumsutvikling**
- ▶ For å bygge opp under ei kompakt sentrumskerne kring det noverande tyngdepunktet, bør nye sentrumsfunksjonar konsentrast kring eksisterande sentrum.
- 
- Vågåvegen som ryggrad**
- ▶ Nye sentrumsfunksjonar bør i hovedsak ligge tett på Vågåvegen og ha ei utforming som bidrar til auka gatepreg.
 - ▶ Det kan leggest til grunn ulike utformingsprinsipp for vegen i og utanfor sentrumskjernen innanfor ein samla hovedidé om tydeleg gatepreg.
- 
- Etablering av gangbru over Finna**
- ▶ Regulert gangbru over Finna bør realiserast for å redusere barriereverknaden av elva.
- 
- Rekreasjons - og aktivitetsakse langs elv og vatn**
- ▶ Grønstrukturen langs elv og vatn knytast enda betre saman og mot sentrumskjernen, og vert i større grad tilrettelagt for opphald og aktivitet.
 - ▶ Tilstøytande arealbruk knytt til idrett/aktivitet, turisme og rekreasjon kan bidra til å aktivisere aksen.
- 
- Utvikling utanfor sentrumskjernen**
- ▶ Utviklingsarealet på Brustugujordet vert tilrådd utvikla som bustadområde. Næringsutvikling vert ikkje tilrådd, då ei slik utvikling kan komme i konflikt med ei kompakt sentrumskerne.
 - ▶ Målpunkt utanfor den prioriterte sentrumskjerna må kunne vidareutviklast, men bør utviklast innanfor eksisterande arealformål. Areal må inngå som eit supplement til sentrum - ikkje i eit konkurranseforhold.
 - ▶ God kopling mot sentrum kan sikrast gjennom tydeleg informasjon og merka turruter med ulik profil. Dette vert særleg viktig for målpunkt som Jutulporten, Jutulheimen, Ullinsvin og Båtbygga.
- 
- HISTORISK RUTE**
AKTIVITETSROUTE











Uteromsstruktur








Med bakgrunn i det tilrådte overordna plangrepet, eksisterande målpunkt og opparbeidde uterom, er det utarbeidd forslag til ein overordna uteromsstruktur for sentrumskjernen.


TEIKNFORKLARING

-  Areal der utvikling kan vurderast
-  Sentrumsakse - Vågåvegen
-  Uteromsnett - styrka samband
-  Opparbeidd uterom
-  Forslag prioritert grønt samband
-  Særleg potensial for nye uterom mot elv
-  Særleg potensial for nye uterom mot eks. sentrumsfunksjonar/Vågåvegen




DAGENS STRUKTUR

-  Eksisterande sentrumsakse: Vågåvegen
-  Eksisterande viktig uteromsakse
-  Eksisterande opparbeidd uterom
-  Forslag prioritert grønt samband
-  Behov for betre samankopling




1: INNFØRE NYE AKSAR PÅ TVERS

- ▶ Knyt ny gangbru saman med eksisterande sentrumskjerne/opparbeidde uterom
- ▶ Kan bidra til redusert barriereverknad frå Vågåvegen og Finna
- ▶ Opnar for vidare sentrumsutvikling på begge sider av Vågåvegen



2: STRYKE SAMBAND MELLOM EKSISTERANDE UTEROM

- ▶ Knyte eksisterande uterom betre saman gjennom forsterka samband utforma på dei mjuke trafikantane sine premiss



3: FINMASKA UTEROMSVEV

- ▶ Tilføre nye uterom
- ▶ Forsterke eksisterande uteromskvalitetar

3.2 Fortetting og utviklingsareal

Utviklingsareal i sentrumskjernen

Føresetnader

- ▶ Nye sentrumsfunksjonar bør lokaliserast slik at dei bygger opp under det overordna plangrepet
- ▶ Registreringa i fase 1 viser at det er avgrensa tilgang på ubygd utviklingsareal i sentrumskjernen.
- ▶ Pågåande tidlegfaseplanar og innspel frå fase 2 vert saman med faglege vurderingar lagt til grunn for tilrådd grep.

Tilrådde utviklingsareal for sentrumsfunksjonar

Pågåande utviklingsplanar

Gjennom fase 1 og 2, og undervegs i fase 3, har det blitt klart at det pågår tidlegfaseplanlegging knytt til både ubygd areal og eksisterande bygg innanfor sentrumskjerna. Dette inkluderer:

- ▶ Smedsmo (pågåande planinitiativ, daglegvare/næring)
- ▶ Idrettsareala på Halland (moglegeheitsstudie)
- ▶ Moajordet (planinitiativ, næringsbygg)
- ▶ Handelsforeningen, Vågå hotel, Bokhandel´n, SovLodge, Finnkanten/ Vågåvegen 40 og Vågåvegen 51 (moglegeheitsstudie)


Utover dette vert det tilrådd at følgande areal vert vurdert som utviklingsareal:

1: "Trekanten" avgrensa av Vågåvegen, kyrkjegarden og Halland




- ▶ Mellom Vågåvegen og ny gangbru over Finna ligg eit areal som er regulert til kombinert formål bustad/forretning/kontor i gjeldande reguleringsplan. Området er i dag utbygd med frittliggande småhus.
- ▶ Det vert tilrådd å opne for auka utnytting av desse areala, for å bygge opp under eit meir kompakt sentrum.
- ▶ Ein av eigedomane er regulert til hensynssone bevaring. Utvikling her må ta omsyn til dei verneverdige bygga. Flytting av bygga kan vere aktuelt.

2: Halland

- ▶ Store delar av areala langs austsida av Vågåvegen vert i dag nytta til overflateparkering. Dette er arealbruk som i liten grad bygger opp under gjeldande forventningar til sentrumsutvikling eller føringane definert for stadutviklingsplanen, samstundes er parkering ein viktig funksjon for sentrum
- ▶ Nye bygg/funksjonar langs austsida av Vågåvegen kan bidra til auka gatepreg, redusert barriereverknad frå Vågåvegen og ei meir kompakt sentrumskjerne.
- ▶ På bakgrunn av dette vert det tilrådd at areala på austsida av Vågåvegen vert vurdert som potensielt utviklingsareal. Dette er ikkje i tråd med gjeldande kommuneplan eller reguleringsplan, der areala er regulert til parkering. Delar av parkeringsarealet må vidareførast også ved utbygging/ utvikling av areala.



TEIKNFORKLARING

-  Pågåande utviklingsplanar (tidlegfase)
-  Areal der transformasjon/fortetting kan vurderast
-  Eksisterande bygg med sentrumsfunksjonar som vurderer flytting



Utsnitt frå gjeldande reguleringsplan, henta frå Vågå kommune si kartløyving

Bustadfortetting utanfor sentrumskjernen

KVA ER MÅLET MED Å FORTETTE I VÅGÅMO?

- ▶ Fortetting kan vere eit verkemiddel for å oppnå fleire av måla som er definert for stadutviklingsplanen
- ▶ Redusere transportbehovet: Bygge opp under nærleiksstaden der fleire har kvardagsmålpoint i gå- eller sykkelavstand og aldersvenleg stadutvikling.
- ▶ Møte etterspurnad etter sentralt utviklingsareal utan at dette medfører nedbygging av dyrka mark/grønstruktur
- ▶ Bustad: bidra til større typologimiks, slik at også eksisterande bustadmasse kan utnyttast meir effektivt

BUSTADBEHOV

- ▶ Hausten 2022 vart bustadpolitisk plan for Vågåmo lagt fram for politisk handsaming. Her vert det peikt på behov for om lag 41 bustader for særskilte grupper. Det vert lagt til grunn i stadutviklingsplanen at det totale bustadbehovet er noko større.
- ▶ Det er starta opp planlegging av eit fortettingsprosjekt på kommunal tomt i Grindstugu som kan dekke noko av behovet avdekka i bustadpolitisk plan

AKTUELLE FORTETTINGSSTRATEGIAR

Eplehagefortetting

- ▶ frådelling av større tomt til nye (bustad)bygg

Infill

- ▶ nybygg som fyller tomrom i stadstrukturen / ledig areal mellom eksisterande bygg

Transformasjon

- ▶ Utviding gjennom tilbygg/påbygg
- ▶ Ny/meir kompakt utnytting av eksisterande bygg
- ▶ Sanering + nybygg



TEIKNFORKLARING

- ▶ Etablert bustadområde - eplehagefortetting kan vurderast. der det ikkje gir vesentleg konflikt mot andre forhold
- ▶ Eigna bustadfortettingsareal utanfor sentrumskjerna

Vurdering av aktuelle areal - utanfor sentrumskjernen

- ▶ Utover Brustugujordet (avsett som utviklingsareal i KPA), den kommunale tomta i Grindstugu og areal på Jøndal, er det relativt få areal som peikar seg ut med tydeleg potensial for bustadfortetting av noko volum.
- ▶ Areal på Smedsmo (nærast Vågavegen) kunne truleg vere eigna for bustadfortetting. Desse areala er regulert til turisme i kommuneplanen.
- ▶ Eplehagefortetting kan imidlertid vere aktuelt nokre stader innanfor dei etablerte bustadområda. Slik fortetting bør skje med god tilpassing til omgivnadene i både skala, struktur og typologi, og vil truleg difor ikkje kunne bidra til vesentleg bustadproduksjon.
- ▶ Store delar av arealet som kunne vere aktuelt å vurdere for eplehagefortetting er krevjande å byggje ut grunna tilhøve som:
 - ▶ Naturfare; flaum og ras
 - ▶ Omsyn til kulturminne og kulturmiljø
 - ▶ Restriksjonsone for drikkevatt
- ▶ Infill: Den frittliggande småhusstrukturen gir store mellomrom mellom bygningane, men er i liten grad eigna for klassiske infill-prosjekt.
- ▶ Omfattande transformasjon er mest aktuelt i sentrumskjerna.
- ▶ Fleire eksisterande næringsbygg har behov for å fyllast med ny bruk, og det kan frigjerast enda meir bygningsmasse ettersom fleire eksisterande funksjonar vurderer å flytte. Desse areala bør tilretteleggast med publikumsfunksjonar i første etasje, men det kan vere aktuelt med bustad i øvrige etasjar.

Arva bustader nytta som fritidsbustader

- ▶ Delar av bustadbehovet kunne vere dekkja ved å tilgjengeleggjere bustader som no vert nytta som fritidsbustad. Dette forholdet må løysast gjennom andre verkemiddel og prosessar enn det som ligg til stadutviklingsplanen.

Konklusjon:

- ▶ Stadutviklingsplanen syner potensial for bustadutvikling i delar av sentrumskjernen, på Brustugujordet, Jøndal og Grindstugu. Dette vil truleg vere meir enn tilstrekkeleg for å dekke bustadbehovet som er identifisert i dag.

Vågavegen og Moavegen

Vegutforming - sambandfunksjon og stadfunksjon

- ▶ Prinsipp for tilrådd utforming følger ei vurdering av kva funksjonar som er viktige på og langs Vågavegen.
- ▶ Vågavegen har ein viktig funksjon som "samband" som må oppretthaldast, men også funksjonar knytt til "stad": uterom for opphald, butikkar, kafear osv.

Følgande utformingsprinsipp bli tilrådd lagt til grunn for vidare utvikling:

Fylkesgate - Vågavegen utanfor sentrumskjernen


- ▶ Vågavegen utanfor sentrumskjernen inngår i eit utvida sentrumsområde og bør utformast som "fylkesgate"
- ▶ Det bør vurderast etablering av fortau på utsida av vegen
- ▶ Bør ha eit tydelegare skilje mellom trafikantgruppene enn i miljøgate-delen
- ▶ Færrest mogleg avkøyrslar av omsyn til gåande og for trafiktryggleik.
- ▶ Attraktiv belysning og beplantning - til dømes trerekke i eksisterande rabatt.

Miljøgate - Vågavegen gjennom sentrumskjernen





- ▶ Utforming som forsterkar vegen sin stadfunksjon.
- ▶ Utforming som signaliserer for køyrande at farten må senkast. Dette kan til dømes gjelde kantstein, dekke, beplantning, møblering og belysning.
- ▶ Det bør etablerast nytt fortau langs austsida av vegen i samband med vidare utvikling av desse areala.

Køyrbart uterom - Moavegen / Foreningsgarden

- ▶ Delen av Moavegen omtala som "Foreningsgarden" vert i dag periodevis stengd av for biltrafikk. Vurdering av om gågata kan bli permanent er etterspurd av næringslivet.
- ▶ Ei permanent gågate er avhengig av mykje aktivitet, både i høg- og lågsesong for å opplevast attraktiv.
- ▶ Midlertidig stenging vil i større grad kunne understreke eit særskilt arrangement.
- ▶ Det er behov for tiltak for å auke attraktiviteten langs gata, som i dag framstår utflytande, uavhengig av om gågate er permanent eller sesongbasert.
- ▶ Det vert tilrådd ei utforming som ikkje utgjør eit permanent hinder for framkommelegheit for køyretøy, men med svært tydeleg stadfunksjon og hovedvekt på tilrettelegging for dei mjuke trafikantane.




TEIKNFORKLARING

-  "Fylkesgate"
-  Miljøgate
-  Mogleg gågate
-  Overordna uteromsnett

Nye fotgjengarsamband / Parkering



- Nye/forbetra gangsamband
- Nye/forbetra stiar langs vatn/elv
- Forlenga gangsamband bør vurderast
- Trafikksikkerheitstiltak tilråddast utgreidd vidare



- Eksisterande overflateparkering
- Overordna uteromsnett
- Tiltak tilråddast - parkering i konflikt med uteromspotensial

Tilrådde nye/styrka fotgjengarsamband

- ▶ Fortau langs austsida av Vågåvegen frå Bokhandel'n/Halland til forbi Smedsmojordet
- ▶ Ny gangbru over Finna
- ▶ Flytte fotgjenger kryssing fra Halland mot Moavegen
- ▶ Kryssing Moavegen-Moajordet (ved ny utbygging i Moavegen)
- ▶ Samband gjennom Handelsforeningen ved ev. vidareutvikling av eigedomen
- ▶ Stiar langs Finna
- ▶ Kryssing over Øvre Nordheradsvegen ved Jutulporten / sti mot Jutulheimen

Parkering

- ▶ Vågåmo skal betene eit omland som ikkje har mogelegheit til å komme seg hit med kollektiv, sykkel eller gange. Parkering må ivaretakast.
- ▶ Gode mogelegheiter for betre sambruk av eksisterande parkeringsplassar. Ulike funksjonar har perkeringsbehov til ulike tider.
- ▶ Det bør leggast til grunn ulike utformingsprinsipp for parkeringsareal i og utanfor sentrumskjerne

Tilrådde parkeringsprinsipp

- ▶ Vidareføre ein del sentral overflateparkering
- ▶ Rydde opp/sanere nokre av parkeringsplassane i område som er vurdert å ha særleg uteromspotensial. Dette gjeld særleg for områda markert med raudt i figuren over.
- ▶ Delar av arealet på Halland kan vurderast utbygd til sentrumsformål, men noko parkering må vidareførast i dette området for å mogeleggjere sanering av andre p-plassar

Gangbru over Finna er regulert i gjeldande planar. Reguleringsplan og kommuneplan viser imidlertid ulike plasseringar av brua. Det vert tilrådd at plasseringa i reguleringsplanen vert lagt til grunn då denne best fangar opp eksisterande og foreslåtte gangsamband.

3.4 Grøne og blågrøne strukturar

Hovudgrep og moglege straktsstiltak

HOVUDGREP: TREKKE DET GRØNE INN I SENTRUM, OG AKTIVITET UT I DET GRØNE

I fase 2 kom det svært mange innspel og idéar til nye og styrka tilbod innan friluftsliv og rekreasjon, særleg aktivitetar i og ved vatn. Flest innspel var knytt til Vågåvatnene/Vanglandet, men også badedammen på Smedsmo og elvane vert trekte fram. Behov for betre synleggjering av og samband mellom eksisterande tilbod og målpunkt vart også påpeikt. Desse innspela er lagt til grunn for det overordna plangrepet, og følgast opp i forslag til hovudgrep for dei grønne områda. Det er peika på enkelte tiltak som kan inngå i eit overordna konsept for å knyte delområda betre saman. Meir konkrete forslag til kva dette kan vere/korleis det kan utformast framgår av kapittel 4.


- ↔ Rekreasjonsakse
- ➔ Styrka koplingar mot tettstaden og/eller rekreasjonsmålpoint utanfor sentrum
- Vasskontakt - fysisk og/eller visuell



GRØN REKREASJONSAKSE MED AUKA KONTAKT MED VATNET

- ▶ Utanfor sentrumskjernen vert det dei grønne sambanda og romma som utgjør hovuddelen av uteromsveven. Tilrettelegging for rekreasjon, idrett, leik og opphald vert viktig for å aktivisere rekreasjonsaksen.
- ▶ Den foreslåtte rekreasjonsaksen langs Finna, Otta og Vågåvatnet tar utgangspunkt i eksisterande stiar. Det er behov for utbetringar for å gjere sambanda tydelegare og meir attraktive. Manglande/svake lenker etablerast/styrkast. Særleg arealet mot Otta, og sambanda under riksvegen må utbetrast.
- ▶ Rekreasjonsaksen og tilliggande arealbruk kan dra veksle på kvarandre (auka aktivitet, betre samband og auka attraktivitet).
- ▶ Undervegs tilretteleggast det for ulike former for kontakt med vatnet - fysisk og/eller visuelt. Opplevinga vil variere med flaumnivået, stor endring i vassstand og årstid.

- Knutepunkt mellom uteroms- og rekreasjonsakse
- ⋯ Gatetre / trekke



DET BLÅ OG GRØNE INN I SENTRUMSKJERNEN

- ▶ Det tilrådest fleire gatetre langs Vågåvegen - på begge sider der dette er mogleg/ikkje kjem i konflikt med andre forhold.
- ▶ Vatn er eit sentralt element i Vågåmo - både på godt og vondt, no og tilbake i tid. Vassveiter og gamle flaumforbyggingar utgjør historiske spor, medan pågåande utgreiingar av flaumtiltak vitnar om at vatn framleis er både ein utfordring og ein kvalitet. Vasselement integrerast på ulike punkt i uteromsstrukturen, som ein referanse til vassveitene.
- ▶ Vatn har også potensial til å nyttast som ein konseptuell "paraply" for identitets- og merkevarebygging.
- ▶ Knutepunkta mellom rekreasjonsaksen og den prioriterte uteromsstrukturen i sentrumskjernen har særleg potensial som sentrumnære uterom med vasskontakt og grønne kvalitetar.

Ruteforslag

1. Leik og idrett: knyt saman aktivitet ved båtbygga med ny aktivitet langs rekreasjonsaksen, idrettsareala på Halland, Villaparken, skuleplassane, Dompe, friområdet vest for Dompe og Jutulporten
2. Rekreasjon, friluftsliv og vatn: knyt sentrum betar saman med Finna i aust og Vågåvatnet i sør - og vidare mot korte turruter og utsiktspunkt i fjella rundt. Rute 1 og 3 koplarseg mot/inngår som del av denne ruta.
3. Kunst, kultur og historie: turrute som knyt sentrum saman med historiske og verna bygg, Munchstigen, (Jutulheimen-Ullinsvin-sentrum) og kanskje ein framtidig skulpturpark i framtida?



MOGLEGE STRAKSTILTAK - med potensial for vidareutvikling

- ▶ Markerte ruter kan bidra til at grønstrukturen knytast tydeleg mot sentrumskjernen, samt igjere det enklare for besøkande å oppsøke aktivitetar og målpunktsom ligg utanfor sjølve sentrumskjernen.
- ▶ Turruter kan markerast gjennom tradisjonell skilting, eller gjennom gjenkjennelege design-/møbleringselement undervegs. Det kan informerast om rutene gjennom digitale og/eller fysiske kart, arrangerte turar med meir.
- ▶ Det er her peika på 3 rutekonsept som bygger på eksisterande kvalitetar og målpunkt, og som kan styrkast/utvidast gjennom etablering av fleire aktivitetar undervegs.


3.5 Vågå som nasjonalpark-kommune og innfallsport til Jotunheimen /

Vågmo som arrangementsbygd

Vågå kommune har status som nasjonalparkkommune og ligg som ein naturleg innfallsport til dei storslåtte fjellområda rundt. Vågåmo er også ved jamne mellomrom vertskap for større arrangement der heile sentrumskjernen vert tatt i bruk. Eit tema i arbeidet har vore korleis desse kvalitetane kan nyttast i eit stadutviklingsperspektiv / skal legge føringar for arealbruken.

Av fase 1 og 2 framgår det at det både er behov for og mogeleg å nytte både fysiske og ikkje-fysiske verkemiddel for å synleggjere kvalitetane i Vågå betre (sjå kapittel 1 og 2).

I fase 3 er det peikt på nokre fysiske føresetnader som vert innarbeidd i stadutviklingsplanen for å sikre at arealbruken i tilstrekkeleg grad ivaretar omsynet til identitets- og destinasjonsbygginga det er ei målsetjing å oppnå. Meir konkrete idéar og forslag er vist i kapittel 4.




DEN FYSISKE INN FALLSPORTEN

Den fysiske innfallsporten til Vågåmo kan definerast som arealet rundt rundkøyringa i sør, som er det mest synlege og tilgjengelege punktet sett frå riksveg 15. I det anbefalte plangrepet vert det ikkje tilrådd vesentleg nyetablering av sentrumsfunksjonar i dette området. Kva kan ein då gjere for å invitere folk inn?

Tilrådde prinsipp:

- ▶ Synleigheit frå vegen: kunst/skulpturar, aktivitet langs og i vatnet
- ▶ Moglegheit for å stoppe opp: parkering/ladestasjon vidareførast
- ▶ God informasjon: om tilbod i sentrum, definerte turruter.
- ▶ Gode og tydelege gangsamband.
- ▶ Attraksjonar tett på stoppunktet : i hovudsak knytt til bruk av blå og grøne strukturar



ARRANGEMENTSBYGDA

- ▶ Eksisterande parkeringsplassar i sentrumskjerna vert nytta under større arrangement, som til dømes Traktorrock og Landsfestivalen i gammaldansmusikk. Slike areal vert satt under press når sentrum skal vidareutviklast.
- ▶ I stadutviklingsplanen vert nokre fleksible areal som kan fungere godt både til kvardags og ved arrangement vidareført. Dette gjeld:
 1. Plenen ved kommunehuset
 2. Parkeringsplassen ved kyrkja
 3. Delar av parkeringsplassen på Halland
 4. Grasplenen aust på Moajordet
 5. Areal mellom idrettsbanene på Halland
 6. Skuleplassen (har vore nytta til parkering ved arrangement)
- ▶ Ny gangbru gir betra samband mot austsida av Finna - og gir større moglegheit for å legge plasskrevjande funksjonar/parkering også her.
- ▶ Mindre paviljonar/scener kan integrerast i uteroms- og grønstrukturen. Element med permanent plasserin, men fleksibel bruk.
- ▶ Det bør utarbeidast ein plan for infrastruktur til arrangement, som omhandlar t.d. straumuttak og påkoblingspunkt for vatn og avlaup, slik at dette kan anleggast i samband med eventuelt anna anleggsarbeid i sentrum.



Fase 4: Tilrådte utformingsprinsipp

Lvert: juni 2023



Denne delrapporten oppsummerer fase 4 av arbeidet med stadutviklingsplan for Vågåmo sentrum. I denne fasa har målet vore å konkretisere dei overordna tilrådde grepa omtala i delrapport 3, og syne mogelege formsvar på desse. Illustrasjonane er meint å inspirere, men er ikkje bindande for den vidare utviklinga av områda.

Stadutviklingsplanen har som intensjon å dra opp dei store utviklingslinene og synleggjer korleis areala kan utnyttast for å oppnå måla kommunen har for stadutviklinga, samt statlege og regionale føringar for bærekraftig stadutvikling. Utviklinga vil ta tid, og vere avhengig av at kvart enkelt utviklingsprosjekt støttar opp under dei prioriterte hovudgrepa. For å sikre at utviklinga som synast er realistisk og realiserbar, har det gjennom prosessen vore fokusert på å ha god dialog mot pågåande plan- og byggjeprosessar og andre aktive stadutviklingsinitiativ. Mogelegheitsstudiar for delar av sentrum (Snøhetta 2022) og Smedsmo (Heggelund og Koxvold, 2021), samt planinitiativ for nytt næringsbygg på Smedsmojordet er lagt til grunn og delvis innarbeidd i illustrasjonsmaterialet. Det same gjeld innspel frå medverknadsprosessane omtala i kapittel 2.

Det er valt å sjå noko meir detaljert på fire delområde. Dette er delar av sentrum der utvikling allereie er under planlegging, eller som er vurdert å vere særleg strategisk viktige for den vidare stadutviklinga. Dette gjeld;

- Delområde 1: Områda kring Handelsforeningen og Foreningsgarden
- Delområde 2: Areal ved kulturhuset/idrettshallen på Halland
- Delområde 3: Utviklingsområdet på Brustugujordet
- Delområde 4: "Innfallsporten"

Utover dette, er det gitt meir prinsipielle forslag til utforming av Vågåvegen, aktivisering av grønstrukturen og prinsipielle utformingsprinsipp ved ny utbygging. Særleg fokus er det på korleis nybygg/ny utvikling kan formast for å i størst mogeleg grad bidra til å bygge opp under dei overordna måla for stadutviklinga.

4.1: Illustrasjonsplan



4.2: Utforming av overordna strukturar Grønstrukturen

I fase 3 vert det konkludert med følgande hovudgrep for grønstrukturen; *Trekke det grøne inn i sentrum og aktivitet ut i det grøne*. Figuren viser forslag til aktivitetar som kan bidra til å oppnå dette.

Tilrådingar vidareutvikling av grønstrukturen:

Kombinere flaumsikring og stadutvikling

- ▶ Nytt massar/flaumvollar til å etablere ein universelt utforma gangsti langs Finna og Vågåvatnet.
- ▶ Bruke overskotsmassar til bevisst landskapsforming som kan tilføre tydelege opplevingskvalitetar.
- ▶ Tilrettelegge for variert vasskontakt, slik at vatnet kan nyttast rekreativt over heile året

Knyte grønstrukturen godt mot tilliggande arealbruk, og lokalisere funksjonar som kan bidra til å aktivisere grønstrukturen ut mot denne

Ny aktuell utvikling kan til dømes vere:

- ▶ Smedsmo: aktivitetar knytt til campingplassen, som badedam, zip-line, leikeplass, hinderløype etc.
- ▶ Smedsmojordet: leike- og/eller fellesareal tilknytt nytt bustadområde vert plassert mot grønstrukturen for å stimulere til sambruk.

Markering av turruter

- ▶ for å fremje nærturar, for å marknadsføre staden, synleggjere eksisterande kvalitetar og knytte dei betre saman.
- ▶ knyte sentrumsruter mot omliggande fjell.

Tilføre fleirfunksjonelle møbleringselement langs gangstien.

- ▶ Dette kan fungere som rutemarkørar, benkar, skulpturar, små scener etc.



4.2: Utforming av overordna strukturar Vågåvegen

Tilrådde prinsipp (utdrag frå fase 3)

- ▶ Vågåvegen har ein viktig funksjon som "samband", men også funksjonar knytt til "stad": uterom for opphald, butikkar, kafear osv.
- ▶ Tilrådd utforming som gjeldspeglad forholdet mellom stad- og sambandsfunksjon.
- ▶ "Miljøgate" gjennom sentrum

UTFORMINGSPRINSIPP FOR VÅGÅVEGEN GJENNOM SENTRUMSKJERNEN ("MILJØGATA")

Generelle tilrådingar

- ▶ Gateutforming som sikrar låg fart
- ▶ Universelt utforma og hindringsfrie gangsoner
- ▶ Trygge gangkryssingar i viktige punkt
- ▶ Møbleringssone for vegetasjon, skilt, lys og møblering, helst på begge sider av gata
- ▶ Tre i gatebiletet: hevar det estetiske uttrykket, gjev skugge og lagar ein buffer mellom bilar og folk. Viktig for trivsel!
- ▶ Veggsone for bord og stolar, stativ o.l



I illustrasjonsplanen er vist:

Meir grønt

- ▶ Eksisterande rabattar og gatetre vert vidareført og supplert.
- ▶ Det vert tilført fortau og rabattar med gatetre også aust for vegen, slik at ein får trekkje på begge sider.

Opphøgd felt / "stadgolv"

- ▶ Langs "miljøgata" vert det etablert 2-3 opphøga felt der utforminga og taktiliteten i dekket tydeleg markerer at dette er dei mjuke trafikantane sitt domene.
- ▶ Prinsippet er vist ved særleg viktige delar av uteromstrukturen / område med mykje aktivitet både aust og vest for vegen: der miljøgata startar i sør (1) og i sjølve kjernen av sentrum (2). Eit slikt felt kan også etablerast i den nordlige avgrensinga av miljøgata (3) når dette området vert vidareutvikla.



Handelsforeningen og Foreningsgarden

Utfordringar ved dagens situasjon:

- ▶ Trass i tilførte uteromskvalitetar ved frivilligsentralen/biblioteket, er det overflateparkering og harde flater som pregar uterommet.
- ▶ Samanhengen austover mot Moavegen og Skiferplassen er uklår, særleg for mjuke trafikantar.
- ▶ Handelsforeninga har ei tydeleg baksida vendt mot dette uterommet, noko som også påverkar attraktiviteten.

HANDELSFORENINGEN VEST

I illustrasjonsplanen er vist:

Småhuslandsby

- ▶ Det er utvikla ein moglegheitstudie av eigar av Handelsforeningen (v/ Snøhetta, 2022) som viser riving av delar av eksisterande forretningsbygg og etablering av ein **townhouse-landsby** på delar av tomta. Dette vert vurdert som eit godt grep, og er difor lagt til grunn i den skisserte løysinga. Det er vist ein noko mindre tett struktur enn i moglegheitsstudien.
- ▶ Parkering for nye bustader vert løyst i eksisterande parkeringskjellar.
- ▶ Det eksisterande bygget "Blomsterbua" i Vågavegen må flyttast når det skal etablerast nytt fortau der. Dette bygget blir flytta til den nye småhuslandsbyen, som eit felleshus for dei nye bustadene - og markerer eit skilje mellom tydelege offentlege areal og dei nye bustadene sine fellesareal.
- ▶ Generøse gangsoner både aust-vest og nord-sør, samt stiar med meir privat preg internt i bustadområdet.

Nye uteromskvalitetar / ryddigare parkeringssituasjon

Arealet kunne klart profittert på fleire aktive fasadar og færre parkeringsplassar. Det er likevel valt å vidareføre både ein del parkering og moglegheit for varelevering/renovasjon for Handelsforeningen herifrå, då dette er funksjonar som er sentrale for å betjene sentrum, og andre delar av sentrum vert vurdert å ha større potensiale for publikumsretta funksjonar.

Forslag for ei meir attraktiv og fotgjengarvenleg utforming:

- ▶ Auka grønt preg - fleire gatetre og grasarmering/anna oppdatert dekke i parkeringssoner.
- ▶ Fleire aktive/opne fasadar. Potensiale for dette er identifisert på austsida av biblioteket og sørsida av handelsforeningen. Det vert tilrådd å fjerne parkering frå desse områda.
- ▶ Musikkpaviljongen er foreslått flytta til ein ny musikkpark ved Moajordet (sjå delområde 2). Ved behov kan det vurderast å etablerast fleire parkeringsplassar i dette området.



4.3: Delområde 1

Handelsforeningen og Foreningsgarden

FORENINGSGARDEN

Gateutforming

- ▶ Utformast med gågatepreg - med tydeleg fokus på tilrettelegging for mjuke trafikantar, aktivitet og opphald.
- ▶ Parkeringsplassar fjernast.
- ▶ Ei sone utan hindringar sørgar for gjennomkøyring er mogeleg - i periodar/ eventuelt berre for nyttekjøretøy.
- ▶ Nye "vassveiter" tilfører opplevingskvalitetar til uterommet og vert også ei kulturhistorisk referanse.
- ▶ Vegetasjon nyttast for å markere ulike soner, mjuke opp og gjere det utflytande uterommet meir intimt.

Utforming av tilliggjande bygg / uteromsveggar

- ▶ Som eit supplement til dei aktive fasadane som vender mot Foreningsgarden, er det potensial for å opne opp både Handelsforeningen og Sentrumstunet mot sør. Saman med ev. ny open/aktiv fasade på biblioteket sin austfasade kan dette bidra til å styrke sambandet aust-vest.
- ▶ Aktiv fasade/ tilførte uteromskvalitetar sør i Sentrumstunet vil også kunne stimulere til meir bruk av Skiferplassen. Det vert tilrådd å etablere eit trappe-/gangsamband mot skiferplassen, slik at bygg og uterom kan spele betre saman.

Det tilråddast å tilføre vegetasjon i ulike nivå. Dette kan bidra til:

- ▶ soneinndeling
- ▶ menneskeleg skala
- ▶ avrenning / fordroying / rensing
- ▶ fine blondeskuggar
- ▶ tak
- ▶ trivsel / estetikk



4.3: Delområde 1

Handelsforeningen og Foreningsgarden

Permanent gågate i Foreningsgarden er avhengig av ei rekke forhold for å bli ein suksess. Det vert foreslått å vektlegge mellom anna følgjande ved vidare utforming:

- ▶ Aktive fasadar / målpunkt på begge sider
- ▶ Uteservering
- ▶ Uformelle sitjeplassar
- ▶ Tilrettelegging for leik
- ▶ Vatn integrert i utforminga (nytolking av tradisjonelle "vassveiter")
- ▶ Blågrøne løysingar
- ▶ Belysning
- ▶ Årstidsvariasjonar
- ▶ Fokus på heilårsbruk, f.eks. skøytebane vinterstid, utekino, juletreffest, marknader



VEGETASJON I
ULIKE NIVÅ



ÅRSTIDS-
VARIASJON



VATN/
LEIK



Halland

Utfordringar ved dagens situasjon:

- ▶ Tilkomst og parkerings situasjonen til idrettsareal/kulturhus er uoversiktleg
- ▶ Eksisterande kommunal parkeringsplass er opparbeidd med uteromskvalitetar, men er lite arealeffektiv.
- ▶ Det manglar fortau langs austsida av Vågåvegen
- ▶ Potensiale for framtidig utbygging på austsida av Vågåvegen, både nord og sør for kulturhus/idrettsareal. Områda må kunne fungere saman både på kort og lengre sikt.

Følgande er vist i illustrasjonsplanen:

Kommunal parkeringsplass

- ▶ den kommunale parkeringsplassen er vidareført, men med meir arealeffektiv utnytting og endra køyremønster.
- ▶ Parkering framfor kulturhuset vert vidareført - løysinga er nærare omtala på neste side.
- ▶ moglegheit for å etablere nye kontor-/næringsbygg nærast Vågåvegen. Dette gir ei meir effektiv utnytting av areala, moglegheit for å tilføre aktive fasadar mot Vågåvegen samt å skilje parkering og veg, slik at areala vert mindre utflytande.
- ▶ i illustrasjonsplanen er det vist moglegheit for å plassere ladestasjon / ladepunkt. Det vert tilrådd plassering så tett på sentrumskjernen som råd. Endelig lokalisering må fastsetjast gjennom vidare detaljering og vegast opp mot andre omsyn. Ladepunkt må plasserast slik at dei ikkje kjem i konflikt med samband for gåande.

Uteroms-/gangnett

- ▶ Etablering av samanhengande fortau på austsida av Vågåvegen. Dette kan realiserast stegvis ettersom dei einiskilde kvartala vert utvikla.
- ▶ Ny gangbru over Finna
- ▶ Etablering av uterom i knutepunktet mellom gangbru, framtidig utviklingsområde og grønstrukturen. Moglegheit for å kome ned til elvekanten.
- ▶ Køyrlar gangveg gir tilkomst til idrettsbanene for drift, og kan også nyttast i samband med arrangement.



Kulturtorget og Musikkparken

Utfordringar ved dagens situasjon:

- ▶ Forplassen til kulturhuset er i dag prega av overflateparkering, og framstår lite attraktiv. Det er imidlertid behov for å vidareføre parkering i dette området for å betene kultur- og idrettsfunksjonane, samt fredeleggjere andre delar av sentrum.

Kulturtorget

Mål: Tilføre kulturhuset ein meir attraktiv forplass, som kan fungere både til kvardags og fest.

- ▶ "Parkeringslund": Armert gras eller anna oppgradert dekke gir arealet eit grønare preg, samstundes som parkeringsfunksjonen kan oppretthaldast.
- ▶ Vegetasjon og grønne rabattar mjukar opp, og markerer skilje mellom parkering og gangsono.
- ▶ Parkeringsfrie soner ved inngangane til kulturhuset, samt ei bilfri sone tettast på fasaden der det kan leggast til rett for opphald.
- ▶ Opphøga vegareal reduserer barriereverknad frå Vågåvegen.
- ▶ Kulturtorget skal framleis vere tilpassa bruk under større arrangement. Det er vist moglegheit for å setje opp større telt ved til dømes festivalar.
- ▶ Offentleg toalett kan etablerast i del av kulturhuset.

Musikkparken


Mål: Styrke sambandet mellom funksjonane i kulturhuset/idrettshallen og eigenorganisert leik/aktivitet på Moajordet.

- ▶ Musikkpaviljongen som i dag ligg ved Handelsforeningen vert foreslått flytta til arealet.
- ▶ Nytt høgdeforskjellen mellom parken og Vågåvegen til å etablere sittekantar
- ▶ Parken får elles eit opent preg med få faste installasjonar for å vere fleksibel til bruk ved større arrangement.
- ▶ Parken kan ha behov for køyretilkomst ved arrangement. Dette kan køysast frå parkeringsplassen i sør.



4.4: Delområde 2

Kulturtorget og Musikkparken



4.5: Delområde 3 Brustugujordet

I gjeldande kommuneplan er Brustugujordet regulert til fleire formål; bustad (B01) i nord, kombinert formål bustad/kontor/forretning (B/FO/K01) mot Vågåvegen og næring (N04) sørover mot friområdet langs Vågåvatnet. I føresegnene er det presisert at det i N04 kan etablerast hotell og opplevings-/kulturbasert næring.


Det overordna utviklingskonseptet som vert tilrådd i stadutviklingsplanen, legg vekt på at sentrumsfunksjonar i størst mogeleg grad bør konsentrerast kring den historiske sentrumskjernen, samt at areala langs vatn og elv bør ha ein tydeleg grøn profil. Med bakgrunn i dette, vert det vurdert at vesentleg næringsutvikling på Brustugujordet bør unngåast. Isolert sett kan etablering av hotell og opplevings-/kulturbasert næring vere positivt for stadutviklinga, då det kan bidra til å styrka «innfallsporsten», styrke samband mot grønstrukturen og tilføre aktivitet til området. Dersom ei slik utvikling kjem **i tillegg til** ei sterk utvikling av sentrum, kan det fungere godt.

Brustugujordet var mykje omdiskutert i samband med utarbeiding av gjeldande kommuneplan, då vidare utbygging vil medføre nedbygging av matjord. Dette forholdet er ikkje handsama eller utgreidd vidare i samband med stadutviklingsplanen. Med bakgrunn i dette er det valt å vise løysingar basert på arealbruken kommuneplanen opnar for. Det er vidare lagt vekt på å vise ei relativt tett utbygging, då dette bør vere ei føresetnad dersom ein skal bygge ut på dyrka mark.

Strukturen som er vist, gir 3-4 tydelege utbyggingsfelt, som kan utviklast i samanheng, stegvis eller kvar for seg – og med ulik arealbruk. Døme på dette er vist på neste side. Vidare er det lagt vekt på:


- ▶ God påkopling mot eksisterande gang- og køyresamband.
- ▶ Redusere areal til køyrevegar, og utforme sambanda som blindveggar
- ▶ Plassere felles-/leikeareal i knutepunkt der gang samband og/eller grønstruktur møtast
- ▶ Vidareføre større delar av eksisterande grønstruktur enn det gjeldande plan opnar for.

Forslag til hovudgep opnar for ulike utviklingsscenario innanfor same struktur. Nokre døme på dette er vist på neste side.



Utsnitt frå gjeldande KPA

Formål:	
B01	Bustad
B02	Bustad - eskisterande
B/FO/K01	Bustad / Forretning / Kontor
N04	Næring (hotell, kultur-/aktivitetsbasert næring)
VF01	Friluftsområde



Forslag til hovudgep ved vidare utbygging

- Samband gåande
- Samband køyrande
- Parkering
- Leik-/fellesareal
- Utbyggingsfelt
- Grønstruktur
- ⋯ Formålsgrense KPA

4.5: Delområde 3 Brustugujordet



SCENARIO 1 - BUSTADOMRÅDE (LITEN/MEDIUM)

- ▶ Bustadutbygging i felt 1 og eventuelt 3.
- ▶ Kan etablerast som to byggetrinn.
- ▶ Øvrig areal kan vurderast tilbakeført til landbruk eller nyttast som parsellhagar, andelsbruk eller inngå i grønstrukturen.



SCENARIO 2 - BUSTADOMRÅD (STOR)

- ▶ Bustadutbygging i felt 1-3
- ▶ Siste felt kan nyttast som dyrkingsareal for bustadene eller inngå som del av grønstrukturen

SCENARIO 3 - FULL UTBYGGING

- ▶ Bustader i felt 1 og 3, samt delar av felt 2.
- ▶ Overnatting og servering nærast Vågåvegen i felt 2
- ▶ Hotell i felt 4

Uavhengig av utviklingsscenario

- ▶ Typologi bør supplere bustadtilbodet i Vågåmo. Skissene legg til grunn ein låg/tett struktur med småhus/rekkehus over 2-3 etasjar. Mot Vågåvegen/Nedre Nordheradsvegen kan det også vurderast fleirmannsbustader/ leiligheiter. Typologimiks innad i kvartalane kan bidra til ytterlegare variasjon i bustadtilbodet.
- ▶ Buformer bør supplere eksisterande tilbod. Skissene viser til dømes innandørs felles-/delefunksjonar fordelt på to felleshus. Desse kan innehalde t.d: forsamlingslokale med kjøkken, deleleilighet, hobbyrom, drivhus, treningsrom, sykkelverkstad etc.
- ▶ Hierarki av uterom for bustadene: private, kvartals- og nabolagsuterom
- ▶ Parkering: "Parkeringslommer" mellom felt, kantparkering langs bustadgata. Kan også etablerast på eige tomt/integrert i bygga eller som felles parkeringskjellarar.






4.6: Delområde 4 Innfallsporten

Utfordringer ved dagens situasjon:

- ▶ Innfallsporten er mange tilreisende sitt førsteinntrykk av Vågåmo. Arealet er godt tilrettelagt for bilar, men manglar attraktivitet og opphaldskvalitetar for folk.
- ▶ Når folk først har stoppa opp, er det ønskeleg at dei tar turen vidare mot sentrum. Forholdet mellom aktivitet og attraksjonar ved innfallsporten kontra i sjølve sentrum, må difor balanserast

Følgjande er vist i illustrasjonsplanen:

- ▶ Parkeringsareal med grønt preg. Parkeringsplassen bør i tillegg delast opp ved bruk av grønne rabattar eller trerekker. Dette vil gi arealet eit mindre utflytande preg.
- ▶ Gangsamband i ytterkant av parkeringsplassen gir tydelegare samband til grønstruktur / gangnettet.
- ▶ Infopunkt, lagt til areal med tydeleg tilrettelegging for opphald.
- ▶ Utleige av spark / sparkesyklar / sykklar ved infopunkt, saman med informasjon om ruter og aktivitetar undervegs.
- ▶ Logo/bokstavar nytta som sitteplassar, skulpturelle og gjenkjennelege element. Kan også gjentakast andre stader i sentrum / grønstrukturen, ha ulik skala og materialbruk.
- ▶ Zip-line/klatre-tårn ved campingen vert synlege element frå vegen og spanande attraksjonar tett på innfallsporten.
- ▶ Tunnelmassar frå flaumsikring kan nyttast til skulpturell terrengforming på begge sider av vegen. Logo-bokstavane kan integrerast.



Kantsoner

- ▶ Kantsoner er der bygg og uterom møtast.
- ▶ Kantsonene representerer overgangen mellom staden og aktiviteten inne i bygget - ein viktig arena for folkeliv.
- ▶ Kantsoner kan vere private, halvprivate eller offentlege, avhengig av arealbruken i bygget. Det er behov for tydelege overgangar mellom sonene for at bygg og uterom skal vere gode å opphalde seg i og ferdast langs.

TILRÅDINGAR FOR VIDARE PLANAR / PROSESSAR

Ein kan ikkje diktere folkeliv gjennom formelle planar, men kan søke å skape gode føresetnader for dette gjennom utformingskrav. Nokre døme på forhold som kommunen kan vurdere i framtidige planar:


Krav om opne og/eller aktive fasadar mot prioriterte uterom

- ▶ Unngå foliering / møblering som reduserer visuell kontakt
- ▶ Variasjon eller aktivitet minst kvar 20. meter, t.d:
 - definere tettleik mellom inngangar/dører
 - arkitektoniske verkemiddel: farge/materialbruk, fasadesprang

Krav til utforming av kantsoner:


- ▶ Tydelege møbleringssoner og hindringsfrie ferdselssoner
- ▶ Romselge fortau
- ▶ Benkar langs gangveggar:
 - minimum kvar 50 meter langs prioriterte aksar
 - 100 meter langs andre gangaksar

FORSLAG TIL PRINSIPLØYSINGAR FOR KANTSONER MOT VÅGÅVEGEN / OFFENTLEGE UTEROM




Bustad - forhage mot offentlig uterom

- ▶ Privat sone/ forhage mellom fasade og offentlig uterom.
- ▶ Oppheva førsteetasje for å reduserer innsyn til private rom.
- ▶ Tydeleg avgrensing av forhage bidrar til å definerer gateløpet.
- ▶ Mogeleg å tilføre møbleringssone mot forhage.




Bustader - fellesareal mot offentlig uterom

- ▶ Fellesfunksjonar/inngangar mot offentlig gaterom kan bidra til å skape aktivitet mot gata. Fleire inngangar gir variasjon i fasade /tilfører menneskeleg skala.
- ▶ Halvprivat sone utanfor inngangpartiet, bør leggest til rette for opphald. Dette gir gode føresetnader for møte både mellom bebuarar og mellom bebuarar og forbi-passarande.



Publikumsretta verksemd

- ▶ Opne fasadar gir god visuell kontakt mellom ute og inne.
- ▶ Generøse veggsoner gjer det mogeleg å trekke aktiviteten inne i bygget ut.
- ▶ NB! Fleire stader i Vågåmo er det i dag små, grønne rabattar inn mot fasadar på offentlege bygg. Eit grønt preg kan vere attraktivt, men kan også redusere bruksverdien til kantsona.



Kontor /næring

- ▶ Opne fasadar gir visuell kontakt som kan bidra til å aktivisere gateløpet.
- ▶ Kan vere behov for noko meir skjerming enn ved publikumsfunksjonar.
- ▶ Bør vurderast å plassere dei mest utadretta funksjonane til verksemda her - til dømes kantine, møteromsavdeling, lobby, pauserom etc.
- ▶ Lommer for opphald kan plasserast mellom fasade og fortau.

4.7: Generelle utformingsprinsipp Større handelsformat / daglegvare

STØRRE HANDELSFORMAT / DAGLEGVARE

I eit stadutviklingsperspektiv har daglegvareforretningar potensial til å spele ei sentral rolle. Dei fungerer ofte som sosiale møteplassar, særleg for uformelle og tilfeldige møte. I følgje *Håndbok for aldersvennlig stedsutvikling* (NAL, 2019) peikar fleire studiar på at moglegheiten for sosial kontakt motiverer eldre til å gå. Det kan vere tur til eit sosialt treffpunkt, eller at turen i seg sjølv gir mogelegheit for tilfeldige møte. Turen til butikken kan altså vere viktig for å fremje både fysisk og psykisk helse, og slik spele ei rolle også i eit folkehelseperspektiv. Plassering og utforming av daglegvareforretningar bør gjenspegle den viktige rolla funksjonen kan ha.

Innspel til utformingsprinsipp som kan leggest til grunn ved etablering av større handelsformat/daglegvareforretning:

Tilkomst for mjuke trafikantar må vere effektiv og attraktiv

- ▶ inngang bør ligge med god kopling mot gang- og sykkelnett og/eller vendt mot uterom.
- ▶ sykkelparkering bør leggest tett på inngangar
- ▶ Fotgjengarsoner skal prioriterast også i område med overflateparkering. Markering av gangsoner må vere integrert i utforminga av uterommet (grøne rabattar, beplantning, materialbruk)

Uteareal ved hovudinngang bør prioriterast særskilt

- ▶ hovudinngang bør som hovudregel plasserast mot gangsamband/uterom, ikkje mot parkeringsplass.
- ▶ Det bør setjast av tilstrekkeleg bilfritt areal ved hovudinngangen til at det kan etablerast gode gangsoner og møbleringssoner. Desse areala kan også nyttast til sal/utstilling av varer, som til dømes blomar, frukt og grønt.
- ▶ "Forplassane" bør prioriterast og ha høgare kvalitet på dekke og møblering.

Opne fasadar

- ▶ Opne/delvis open fasade mot uterom/gate - her bør ein unngå at vindauga vert tildekt av folie eller varereolar.



FORPLASS
=
MØTEPLOSS



4.7: Generelle utformingsprinsipp Tilpassing ved fortetting

EPLEHAGEFORTETTING


Tilpassing mot eksisterende situasjon er eit viktig prinsipp ved fortetting, men som det kan vere vanskeleg å sikre gjennom generelle føresegner. Det vil dels vere behov for skjønsmessige vurderingar knytt til kvar enkelt plan- og byggesak, og ligg dermed utanfor stadutviklingsplanen sine naturlege rammer. Frå eit stadutviklingsperspektiv er det likevel mogeleg å gi nokre prinsipielle tilrådingar til viktige element som bør ivaretakast ved eplehagefortetting i Vågåmo:

Overordna for all ny utbygging gjeld:

Ny utbygging må bygge vidare på og støtte opp under eksisterande og planlagd framtidig stadstruktur.

Dette inkluderer:

- ▶ unngå utflytande gateareal
 - vidareføre grøn avgrensing mot veg (gjerde/hekk/hage)
 - unngå parkering parallelt med veg
 - unngå «kotelett-tomter» som gir unødig mykje vegareal



- ▶ bidra til å forbetre / ikkje ha negative konsekvensar for overordna uteromskvaliteter som til dømes tilgang på leikeareal, effektive gangsamband og samanhengande grønstruktur.

Ved eplehagefortetting bør nybygg generelt tilpasse seg eksisterande bygg gjennom:

- ▶ Tilsvarande hovudform/volum OG/ELLER materialbruk.
- ▶ Tilsvarande typologi - særleg i einsarta område

Men:

- ▶ Det bør opnast for nytolking av eksisterande byggeskikk med mål om å oppnå innovativ og spanande arkitektur. Dette kan verke positivt også for identitets- og merkevarebygging.
- ▶ Bruk av tre er karakteristisk for Vågåmo, men ved tilpassa form/volum må også andre naturmaterial av høg kvalitet kunne vurderast.

Nokre døme på moderne trehusarkitektur



Rehabilitering og nybygg Bergen, ARK: Opaform



Cinque ports, Rye (GB) Ark: JDA



Tilbygg, ARK: RAM-arkitektur



Potato Shed House (NL) ARK: Julius Taminiau

4.7: Generelle utformingsprinsipp

Overflateparkering

Tilrådde parkeringsprinsipp (utdrag frå fase 3)

- ▶ Vidareføre ein del sentral overflateparkering
- ▶ Rydde opp/sanere nokre av parkeringsplassane i område som er vurdert å ha særleg uteromspotensial.
- ▶ Det bør leggjast til grunn ulike utformingsprinsipp for parkeringsareal i og utanfor sentrumskjernen.

Tilrådde utformingsprinsipp i sentrumskjerna:

Uteromskvalitetar

- ▶ Parkeringsareala vert dimensjonert for bilar, men må reknast som del av uterommet og utformast med omsyn til menneskeleg skala og på dei mjuke trafikantane sine vilkår.
- ▶ Det må avsettast tilstrekkeleg areal for gåande rundt og gjennom parkeringsplassane.
- ▶ Dekke må vere av høg kvalitet og gjerne vere permeable. Dette for at dei skal framstå som integrert del av uterommet, stimulere til sambruk og unngå at areala framstår tomme når dei ikkje er i bruk.

Grønt preg

- ▶ Nytte vegetasjon/grøne rabattar til å avgrense parkeringsplassen. Dette kan bidra til at areala framstår mindre harde/utflytande.
- ▶ Nytte vegetasjon og dekke for å definere ulike soner snarare enn skilting og tradisjonell vegmerking.
- ▶ Nytte vegetasjon for å bryte opp parkeringsareala visuelt.

Fleirfunksjonelle areal - legge til rette for alternativ bruk

- ▶ Oppmerking i dekke og flyttbare møbleringselement kan invitere til anna bruk for heile eller delar av arealet, både til kvardags og ved arrangement.

Tilråding oppfølgande prosessar

- ▶ Kommunen bør vurdere å utarbeide ein parkeringsplan for sentrum, med mål om å auke sambruk mellom eksisterande og nye parkeringsplassar. Tilrådd parkeringsdekning for ulike typar arealbruk bør inngå i vurderinga og sikrast gjennom framtidige planar.
- ▶ I framtidige planar bør vurderast å stille formelle utformingskrav til overflateparkering særleg langs Vågavegen og/eller det prioriterte uteromsnett.



UTEROMS-
KVALITETAR



GRØNT
PREG



FLEIR-
FUNKSJONELLE
AREAL

